



C 681

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

Standard for gruppering av familiar og hushald

Noregs offisielle statistikk**Official Statistics of Norway**

I denne serien blir det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapsystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk, Regionalstatistikk og Vegvisar i norsk statistikk.

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics, Regional Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, april 2002

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nyttå, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4981-3

Emnegruppe

02.90 Metoder, modeller, dokumentasjon

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Statistisk sentralbyrå/150

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentleggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskiljetekn	Decimal punctuation mark	(.)

Forord

I denne NOS-en publiserer vi den nye standarden for gruppering av familiar og hushald. NOS-en definerer dei mest sentrale familie- og hushaldsomgrepa og standardar for presentasjon av familie- og hushaldsopplysningar. Ei oversikt over dei viktigaste endringane frå den førre standarden er gitt i kapittel 1. Den nye standarden vart drøfta i standardutvalet og vedteken i direktørmeøtet i desember 1999. Deretter vart han utgitt i serien Rapportar (2000/5) for å bli utprøvd i praksis, før han no blir utgitt som NOS.

Utarbeidingsa av standarden var ein del av eit større prosjekt som også tok for seg ei standardisert innsamling av opplysningar om familiar og hushald. Prosjektet omfatta dessutan ei avklaring av ulike metodiske problemstillingar knytte til utvalsundersøkingar for dette statistikkområdet. Desse delprosjekta er dokumenterte i eigne rapportar.

Prosjektet hadde ei referansegruppe som var samansett av representantar frå dei seksjonane i Statistisk sentralbyrå som resultata frå prosjektet fekk verknader for. Prosjektet har elles vore på intern høyring i Statistisk sentralbyrå og på ekstern høyring hos relevante instansar. Ei liste over dei eksterne høyringsinstansane er teken med i vedlegg D.

Med i prosjektgruppa som har utarbeidd NOS-en, har vore Ingvild Hauge Byberg (Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk), Coen Hendriks (Seksjon for folke- og bustadteljing), Øystein Hokstad (Seksjon for folke- og bustadteljing) og Anne Gro Hustoft (Seksjon for statistiske metodar og standardar), som også har vore prosjektleiar.

Statistisk sentralbyrå,
Kongsvinger, 2. april 2002

Svein Longva

Elisabetta Vassenden

Innhold

1. Bakgrunnen for og formålet med prosjektet	7
2. Viktige omgrep i familie- og hushaldsstatistikken.....	7
2.1. Barn.....	7
2.1.1. Definisjon	7
2.1.2. Eigne barn og fosterbarn	8
2.2. Samlivstype.....	9
2.2.1. Par.....	9
2.2.2. Registrert partnarskap.....	9
2.2.3. Sambuarpar.....	9
2.2.4. Einsleg/åleinebuande/einpersonfamilie.....	9
2.3. Alder	11
2.3.1. Aldersgrense for barn	11
2.3.2. Aldersgrupperingar for barn	12
2.3.3. Pensjonsalder.....	12
2.4. Referanseperson/kontaktperson.....	13
2.5. Adresse.....	13
2.5.1. Registrering	13
2.5.2. De jure-adresse og de facto-adresse	13
3. Praksis i dag ved bruk av familie- og hushaldstypar	14
4. Hushaldsstatistikk	14
4.1. Internasjonale tilrådingar	14
4.2. Spesifikke hushaldsomgrep.....	15
4.2.1. Privathushald	15
4.2.2. Felleshushald	15
4.2.3. Bustadlause	15
4.2.4. Bustad - ikkje institusjon	16
4.2.5. Institusjon - ikkje bustad	16
4.3. Praksis i nokre av undersøkingane i dag	16
4.4. Grupper som ikkje er registrerte på faktisk adresse	17
4.5. Standard for hushaldstypar	18
5. Familiestatistikk	20
5.1. Internasjonale tilrådingar	20
5.2. Spesifikke familieomgrep	20
5.2.1. Familienummer	20
5.2.2. Slektskap til referanseperson	20
5.2.3. Generasjon	20
5.2.4. Familiekjerne	21
5.2.5. Stefamiliar	21
5.3. Praksis i dag i familiestatistikken	21
5.4. Standard for familietype	22
6. Personkjennemerke som gjeld både familiar og hushald	23
6.1. Hushaldskjennemerke knytte til personar	23
6.1.1. Hushaldsstatus.....	23
6.1.2. Livsfase	23
6.2. Familiekjennemerke knytte til personar	23
6.2.1. Familiefase.....	23
6.2.2. Familiestatus versus familietype	24
Litteraturliste.....	25

Vedlegg

A. Hushaldsoversikt for intervjuundersøkingar	26
B. Hushalds- og familietypar frå Interne notater 85/31	27
C. Hushaldstypar i nasjonalrekneskapen	28
D. Liste over eksterne høyningsinstansar	30

Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk31

1. Bakgrunnen for og formålet med prosjektet

Bakgrunnen for å setje i gang prosjektet har hovudsakleg vore at Statistisk sentralbyrå har ulik praksis knytt til dei forskjellige familie- og hushaldstypane. Dette har gitt ulike tal for desse typane, og det har gjort at forskjellige undersøkingar ikkje kunna samanliknast heilt ut. Det har dessuten vore problem knytte til omgrepene "einsleg", dels fordi ulike undersøkingar har definert omgrepene på noko ulik måte, dels fordi brukarar utanfor Statistisk sentralbyrå tolkar omgrepene annleis enn Statistisk sentralbyrå definerer det.

NOS-en presenterer dei mest sentrale familie- og hushaldsomgropa, og dessutan ein standard for presentasjon av familie- og hushaldsstatistikken (kjennemerke). Prosjektgruppa har teke utgangspunkt i eit tilsvarande arbeid som vart utført i 1985 og publisert i Interne notater 85/31 med tittelen Forslag til standarder for kjennemerker knyttet til familier og husholdninger (heretter omtalt som IN 85/31).

Vi skal no kort summere opp dei viktigaste endringane i den nye standarden i forhold til den førre (IN 85/31):

- Fosterbarn: Fosterbarn skal frå no av klassifiserast som "andre familiar", ikkje som "einsleg" (eller einpersonsfamilie, som det no heiter). Hushald med fosterbarn blir rekna som fleirfamiliehushald (t.d. to familiar, eitt hushald).

- "Einsleg": Omgrepene "einsleg" går ut av standarden og blir erstatta med dei meir eintydige og beskrivande omgropa "åleinebuande" i hushaldsstatistikken og "einpersonsfamilie" i familiestatistikken.

- Aldersgrense og -grupper for barn er endra. Når ein skal avgrense barn etter alder, skal ein bruke intervallet 0-17 år. På grunn av endra alder for skolestart bør ein no bruke aldersgruppene 0-5 år og 6-17 år som standard ved publisering. Andre grupperingar er også tillatne, men ein bør kunne aggregere dei opp til dei to standard aldersgruppene.

- Ein vil no ha like mange familie-/hushaldsgrupper både for par med barn og for mor/far med barn.

- Høgaste aldersgruppe i familie-/hushaldstypane startar ved pensjonsalderen, det vil seie 67 år, i staden for 65 år.

- Definisjonen av kosthushald er endra til "personar som er fast busette i den same bustaden og har felles kost".

- På detaljert nivå skil den nye standarden mellom ektepar og sambuarar. Registrerte partnarar blir publiserte som ektepar.

Vi vil no først presentere dei omgropa som er felles for både familie- og hushaldsstatistikken. Vi vil også innleatingsvis gi ei oversikt over praksis i dag ved bruk av familie- og hushaldstypar. Deretter vil vi gjennomgå internasjonale tilrådingar, spesifikke omgrep, litt meir om praksis i dag og standard kjennemerke knytte til familiar og hushald kvar for seg. Til slutt tek vi med eit kapittel om personkjennemerke knytte til både familiar og hushald.

2. Viktige omgrep i familie- og hushaldsstatistikken

Vi skal no sjå på omgrep som er sentrale både i familie- og hushaldsstatistikken, men først skal vi ta med definisjonane på familie og hushald. Vi skal kome nærmare inn på desse definisjonane seinare under dei respektive kapitla.

Eit hushald består av personar som er fast busette i den same bustaden (bueininga) eller institusjonen.

Eit privathushald består av personar som er fast busette i den same bustaden, der denne bustaden ikkje er ein institusjon. Privathushald blir inndelte i bu- og kosthushald. Buhushald består av personar som er fast busette i den same bustaden, mens kosthushald består av personar som er fast busette i den same bustaden og har felles kost. Eit felleshushald består av personar som er fast busette og får dekt behova sine for kost, pleie og omsorg på ein institusjon.

Ein familie består av personar som er fast busette i den same bustaden, og som er knytte til kvarandre som ektefellar, sambuarar, registrerte partnarar og/eller som foreldre og ugift barn (uansett alderen på det ugift barnet). Ein familie kan bestå av maksimalt to (påfølgjande) generasjonar og berre eitt ektepar/partnarskap/sambuarpar. Som familie reknar vi også enkeltpersonar, slik at alle personar er med i ein familie og eit hushald, anten saman med andre personar eller åleine.

2.1. Barn

2.1.1. Definisjon

Omgrepene "barn" kan tolkast på fleire måtar, til dømes som ein slektskapsrelasjon (barn som etterkomrar) eller som personar i ei viss aldersgruppe.

I familiestatistikken (heretter brukt om den registerbaserte familiestatistikken) kjem desse etterhalda i

tillegg: Personar som er gifte, eller har eigne barn, eller har flytta heimanfrå (dvs. registrerte som busette utanfor foreldreheimen) eller har skifta sivilstand to gonger¹, blir ikkje rekna som barn.

Dette er i tråd med internasjonale tilrådingar, og utvallet frå 1985 gjekk inn for den same definisjonen. På eitt punkt er IN 85/31 og Recommendations for the 2000 Censuses of Population and Housing in the ECE region; Statistical Standards and Studies No. 49 (UN-/ECE²-tilrådingane) meir omfattande enn det som blir gjennomført i familiestatistikken; desse standardane set som krav at barnet ikkje kan vere sambuande ("no partner"), og det er ei vidare nemning enn "gift". I prinsippet held vi fast ved denne avgrensinga; ein person som er i samliv, det vere seg som gift, registrert partnar eller i eit sambuarforhold, blir ikkje rekna som barn. Pr. i dag er det ikkje mogleg å skilje sambuande barn frå andre barn i registerstatistikken dersom det sambuande "barnet" ikkje også har eigne barn. Dette er likevel ei praktisk avgrensing som kan bli endra seinare.

Nemninga heimebuande blir brukt om personar som er registrerte som busette på den same adressa som den eine eller begge foreldra. Barn/etterkomrar som ikkje lenger er heimebuande, meiner vi utgjer eit eige hushald. Difor er det å vere heimebuande eitt av kriteria for å bli definert som barn i familien/hushaldet.

Ugifte studentar som i realiteten ikkje bur på den same adressa som foreldra, kan skape problem. Ifølgje Forkrifter om folkeregistrering skal dei registrerast som busette hos foreldra. Problemet med bortebuande studentar er likevel forholdsvis lite i dei tilfella der ein set ei aldersgrense for barn. Personar under 20 år utgjer ein liten del av studentane. Utan aldersgrense for barn vil problemet med bustadregistrering for studentar påverke tala for einpersonfamiliar (tidlegare kalla "einslege"), særleg i aldersgruppa 16-24 år.

Vernepliktige blir rekna med til det hushaldet dei sist var busette i. Verneplikta er stort sett kortvarig og skaper ikkje dei same problema som bustadregistreringa til studentane.

Konklusjon: I familie- og hushaldsstatistikken er eit barn pr. definisjon ein person som er busett saman med foreldra, og som ikkje er i samliv og/eller har eigne barn.

2.1.2. Eigne barn og fosterbarn

Ifølgje UN-/ECE-tilrådingane for folke- og bustadtellinga i 2000 (heretter kalla FoB2000) er barn biologiske barn, adoptivbarn og stebar. Fosterbarn blir ikkje

rekna som barn i familien. Alle dei nordiske landa følger dette; fosterbarn er ikkje ein del av fosterfamilien. I Sverige inngår fosterbarn i "andre barn" som ikkje bur saman med nokon av dei biologiske foreldra sine. Førre arbeidsgruppe utelét (i IN 85/31) fosterbarn frå kategorien barn.

I Håndbok i folkeregistrering, under kapittelet om familienummer, står dette om fosterheimslassering: "Ved fosterhjemsplassering skal barnet ha sitt eget fødselsnummer som familienummer. Er barnets mor ugift og hjemmeboende, får hun ved barnets plassering i fosterhjem sine foreldres familienummer som sitt." Dette medfører altså at to sysken som bur i den same fosterheimen, og har flyttemelding frå foreldreheimen, vil bli registrerte med kvart sitt familienummer. Dei ca. 4 000 personane som bur i fosterheim, blir altså ikkje rekna som barn i ein familie.

Familiestatistikken har rekna fosterbarn som einslege, som følge av registreringspraksis. Prosjektgruppa finn det uheldig å utelate fosterbarn frå kategorien barn; til dømes kan ein 3-åring som bur i fosterheim vanskeleg kallast ein einsleg på same måten som ein reelt áleinebuande 30-åring.

I arbeidskraftundersøkingane (AKU) er opplysningane om barn henta fra BESYS (Statistisk sentralbyrås befolkningsbase), slik at det berre er biologiske barn og adoptivbarn som blir rekna som barn, altså ikkje fosterbarn. I levekårsundersøkingane (Levekår) omfattar barn eigne barn (medrekna adoptivbarn og stebar). Fosterbarn blir rekna med i hushaldet dersom dei "dele matbudssett". Inntekts- og formuesundersøkinga (IF) bruker registeropplysningar, og gjennom kontrollar blir fosterbarn "oppdaga". Som personar under 16 år med eige familienummer blir dei identifiserte som fosterbarn og ført tilbake til fosterfamiliehushaldet. Det vil seie at ved oppteljing av hushald etter storleik blir ein familie på tre med eitt fosterbarn i tillegg tald som eit hushald med fire personer. Dette skjer uavhengig av hushaldstype/familietype (sjá nærmere definisjon av desse typane i kapitla 4.5 og 5.4). Som hushaldstype blir det eit einfamiliehushald (dvs. at alle i hushaldet blir rekna tilhøyre den same familien). Personar 16-20 år kan vere fosterbarn, men dei kan også vere leidgetakrar i hushaldet. I desse tilfellene blir hushaldet rekna som eit fleirfamiliehushald (personane i hushaldet tilhører to eller fleire familiar). Registerstatistikken, AKU og Levekår følgjer dermed internasjonal praksis, mens IF ikkje gjør det.

Konklusjon: Sidan eit fosterbarn ikkje er ein etterkomar i fosterfamilien/fosterfamiliehushaldet, verkar det naturleg å utelukke fosterbarnet frå (foster)familien. Fosterbarnet er derimot ein del av hushaldet. Fosterbarn blir rekna som eigne familiar (klassifiserte som Andre familiar), og hushald med

¹ Dette gjeld enkjer, enkjemenn, skilde, separate, attlevande partnarar, skilde partnarar og separate partnarar.

² United Nations/Economic Commission for Europe.

fosterbarn blir rekna som fleirfamiliehushald (to familiar, eitt hushald).

2.2. Samlivstype

2.2.1. Par

Arbeidsgruppa frå 1985 meinte at ein burde skilje mellom gifte og ikkje-gifte par (dvs. ektepar og sambuarpar) ved bruk av den detaljerte og den aggregerte grupperinga av personar knytte til familiar/hushald. Dette blir ikkje gjort, verken i IF, Levekår eller AKU, men derimot i FoB90 (i ein tabell i tilknyting til kommunhefta). Alle utvalsundersøkingane inkluderer både gifte, sambuande og registrerte partnarar i tydinga "par".

UN-/ECE-tilrådingane talar for at både gifte og sambuande par bør registrerast, og i FoB2001 vil ein kunne identifisere tre typar par ut frå demografiske kjennemerke.

Vi ser det som uheldig at det tidlegare ikkje har vore skilt mellom gifte par og sambuande par i den *detaljerte* inndelinga. Sambuarskap blir ein stadig vanlegare samlivstype. Ein kan også forvente at det finst enkelte klare forskjellar mellom ektepar og sambuarpar (t.d. viser familiestatistikken at sambuarpar gjennomgåande har små barn), og desse skilnadene går tapt utan distinksjonen i familietype. Som aggregert type inngår begge gruppene i "par".

Konklusjon: Med par meiner vi ektepar, sambuarpar og par av registrerte partnarar. Personar som hører til desse gruppene, er i samliv. I IN 85/31 vurderte arbeidsgruppa nemninga par versus gifte/ugifte par. Ettersom partnarskap er kome til seinare, anbefaler vi å bruke kortforma "par", hovudsakleg for å unngå problem med teksting.

2.2.2. Registrert partnarskap

Pr. i dag blir registrerte partnarskap grupperte saman med ektepar, eller som par, i dei fleste tabellane i familie- og hushaldsstatistikken. Både ekteskap og registrerte partnarskap har ein formell status. Vi anbefaler at dette held fram i den publiserte statistikken frå Statistisk sentralbyrå, ettersom talet på registrerte partnarskap med og utan barn framleis er svært lågt. Det er likevel ei sivilstandsendring og ein ekstra familietype som det er verdt å halde eit auge med. I registerstatistikken er det allereie mogleg å skilje ut registrerte partnarar/partnarskap. Denne familietypen bør vere tilgjengeleg på førespurnad og i samband med internasjonale rapporteringar. Pr. i dag er dette eitt av dei trekka som er spesielle ved norske familieforhold, og dermed familiestatistikkk, i internasjonal samanheng.

IF inkluderer registrerte partnarskap i gruppa par (manuell oppretting må til). I spørjeskjemaet til AKU bruker dei rubrikkane "gift/registrert partnar" og "sambuar", men i publisering bruker dei kategorien "gift",

som omfattar både gifte og sambuande personar, og dessutan registrerte partnarar.

Konklusjon: Registrerte partnarskap skal publiserast som ektepar eller par i familie- og hushaldsstatistikken.

2.2.3. Sambuarpar

Omgrepsbruken i statistikken skal vere presis, men samtidig bør han ikkje skilje seg for mykje frå det som blir oppfatta som vanleg meningsinnhald for "mannen i gata". Både gifte personar og personar i sambuarforhold kan svare "ja" på spørsmål om dei er sambuande. Skiljet går ikkje ved gift/ikkje-gift, men ved i samliv/ikkje i samliv. Sambuarpar er heretter nemninga på to personar som er i samliv, men som ikkje er gifte med kvarandre, og skil seg dermed frå ektepar og registrerte partnarar.

Sambuarpar kan, som parforhold med legal status (ektepar og registrerte partnarskap), vere par av det same eller ulikt kjønn. Ektepar har motstykket registrerte partnarskap. Sambuarpar har ikkje ein tilsvarande homofil kategori, sidan det i registerbasert statistikk ikkje vil vere mogleg å skilje eit bufellesskap frå eit homofilt sambuarskap. I spørjeundersøkingar derimot vil ein kunne identifisere homofile sambuarar. Omnisbusundersøkingane omfattar både sambuarpar av ulikt kjønn og sambuarpar av same kjønn. Vi føreslår difor at ulike typar sambuarpar (heterofile/homofile) blir identifiserte. Vi anbefaler likevel at homofile sambuarpar ikkje blir skilde ut som ein eigen familietype i ein standard, dels fordi gruppa blir vurdert som lita i forhold til dei andre familietypane, dels fordi det er problem med datagrunnlaget. Internasjonale tilrådingar for FoB2000 dekkjer ikkje dette punktet.

Retningslinjer for å bestemme når ein skal rekne personar som er registrerte på den same adressa som sambuarar, blir ikkje diskutert her. Spørsmålet må takast opp att når vi eventuelt har eit datagrunnlag som gir høve for å skilje ut sambuarpar med og utan barn.

Konklusjon: Homofile og heterofile sambuarpar blir identifiserte i spørjeundersøkingar, men dei blir ikkje skilde ut som eigne familietypar i standarden. Dei blir publiserte under fellesnemninga sambuarpar.

2.2.4. Einsleg/åleinebuande/einpersonfamilie

Nemninga einsleg er ikkje eintydig, verken i daglegtale eller i statistikken som Statistisk sentralbyrå presenterer. Ho blir brukt om ulike omgrep (definisjonar), om einpersonshushald og om hushald der vaksne personar ikkje er i samliv. Begge bruksmåtane finst også i daglegtale. Ettersom det er ønskjeleg med ein mest mogleg presis og eintydig bruk av nemningar i offisiell statistikk, må det ei avklaring til her. Pr. i dag blir nemninga einsleg brukta slik:

Datagrunnlag	Nemning	Definisjon
Inntekts- og formuesundersøkingane	Einsleg	Einpersonhushald (for fråfallet bruker dei einslege frå familiefila/familiestatistikken)
Levekårsundersøkingane	Einsleg	Person utan partnar
Forbruksundersøkingane	Einsleg	Einpersonhushald
Familiestatistikk	Einsleg	Registrert einsleg; teknisk definert som person med eige familienummer

Oversikta viser eit mangfald som ikkje gir noko godt grunnlag for samanlikning. Poenget med gruppe-ringa einsleg i hushaldssstatistikken er ikkje det følel-sesmessige aspektet ved eit eventuelt samliv, men meir eit spørsmål om bufellesskap og/eller økono-misk fellesskap, eller mangelen på eit slikt. Det bør vere ei nemning som er relativt objektiv og som hø-ver for ein standard og inndelingane der. Alternative nemningar for hushald er åleinebuande og einper-sonhushald.

Eit einpersonhushald er eintydig dersom det dreier seg om eit buhushald. Da er omgrepene identisk med åleinebuande. Snakkar vi derimot om eit kosthushald³, kan einpersonhushaldet godt bu saman med andre. I denne samanhengen blir det difor uklart om eit einpersonhushald bur åleine eller sa-man med andre.

Ein åleinebuande er ein person som ikkje bur saman med nokon, det vere seg partnar (homofil eller heterofil), barn eller andre. Åleinebuande kan brukast både på kost- og buhushald og vere eintydig. Det er berre éin person som bur i bustaden og som høyrer til hushaldet. Åleinebuande blir vurdert som det mest presise uttrykket for det vi ønskjer å formidle, og vi anbefaler det som ei ny nemning for einslege som hushaldstype.

Vi kan likevel ikkje bruke åleinebuande som familie-type i familiestatistikken som eit alternativ til einper-sonfamilie eller einsleg. Den økonomiske eininga er viktig i hushaldssamanheng, mens det i familiestatis-tikk er familiesituasjonen som er det sentrale. Det er eit poeng å vite om ein person er åleine i den for-stand at personen ikkje er i eit parforhold (og i til-legg om personen har barn). Vi anbefaler nemninga einpersonfamilie for dei tidlegare einslege. Ein ein-personfamilie kan verke litt framand, noko som kan få brukarane til å stille spørsmål om definisjonen og etterlyse ei presisering. Statistisk sentralbyrå får dermed høve til å presisere. Samtidig er omgrepet relativt sjølvforklarande; ein einpersonfamilie kan berre vere ein familie med éin person i. Ulikskapen i

forhold til UN-/ECE-tilrådingane og ein del andre land blir poengtret også; det viser tydeleg den norske praksisen med at éin person blir rekna som ein eigen familie.

Einpersonfamilie blir brukt om personar som ikkje er i eit parforhold og som ikkje bur saman med eigne barn eller foreldre. Eit unntak er personar som har skifta sivilstatus minst to gongar (t.d. enkjer/ enkjemann). Desse blir rekna som einpersonfamilie sjølv om dei bur saman med foreldra (fordi dei har sitt eige familienummer). Einpersonfamiliar kan bu sa-man med andre som dei ikkje er i familie med.

Følgjande praksis for overgang mellom einpersonfa-milie og andre familietypar i Det sentrale folkeregis-teret (DSF) kan nemnast:

- Ugifte personar som ikkje har heimebuande barn, og som har budd utanfor foreldreheimen og så flytta tilbake, vil få endra familienummer og familietype (einpersonfamilie) til familie-nummeret til foreldra (t.d. det faren har dersom foreldra er gifte) og familietype (t.d. ektepar med barn).
- Personar som har endra sivilstatusen sin (minst to gonger) eller som har barn, vil behalde eit eige familienummer dersom dei flytter saman med foreldra att.
- Når begge foreldra er døde, vil sysken som bur saman, få endra familienummeret dei har felles til kvart sitt familienummer (dvs. at dei får sitt eige fødselsnummer som familienummer).

Det er i dag eit sprik mellom registersituasjonen og den faktiske situasjonen (t.d. problemet med sam-buarar som er registrerte som einpersonfamiliar, sjá nærmare omtale i kapittel 5.3). Vi reknar med at dette spriket vil bli redusert ein god del ved innføringa av det utvida adresseomgrepet i samband med FoB2001, og også gjennom dei nye estimeringsme-todane for fordeling av familie- og hushaldstypar (enno ikkje tekne i bruk) som er beskrivne i Zhang (2001).

Den nye standarden som no blir publisert, skal dek-ke denne framtidige situasjonen (m.a. ved å kunne

³ Definisjon av bu- og kosthushald finst i kapittel 4.2.1.

gi estimat for sambuarar utan barn). Slik situasjonen er i dag, må ein eventuelt bruke aggregeringar.

Konklusjon: Omgrepene einsleg blir erstatta med áleinebuande i hushaldsstatistikken og med einpersonsfamilie i familiestatistikken.

2.3. Alder

I Statistisk sentralbyrås Standard for aldersklassifisering heiter det at "... i personstatistikk skal kjennermerket alder som hovedregel defineres som alder i fylte år ved kalenderårets slutt."

Dette samsvarer med korleis alder, inkludert alder på barn, skal handterast i FoB2001⁴, tilrådingane i IN 85/31 og med gjeldande praksis i den registerbaserte familiestatistikken. AKU og IF nyttar alder ved utgangen av året. Forbruk definerer alder som det året ein deltek i undersøkinga minus fødselsåret, altså alder ved utgangen av året.

Vi ser ingen grunn til å endre på denne aldersdefinisjonen. Det er likevel eit unntak frå denne regelen. I befolkningsstatistikken som blir gitt pr. 1. januar for år t, er alder fylte år ved utgangen av år t-1. Dette betyr til dømes at aldersfordelinga som blir gitt pr. 1. januar 1999, er fylte år ved utgangen av 1998. Årsaka til dette avviket er at dateringstidspunktet skal sikre administrative endringar. Desse endringane blir sette i verk frå 1. januar, og sjølv om oppgitt folke mengd eigentleg er folkemengd pr. 31. desember kl. 2400, blir ho oppgitt pr. 1. januar kl. 0000.

Konklusjon: Alder blir definert som fylte år ved slutten på kalenderåret. Ved registrering skal ein gi opp fødselsdato og år.

2.3.1. Aldersgrense for barn

Diskusjonen under gjeld spørsmålet om kor aldersgrensa skal gå når ein skal nytte aldersgrense for barn. I enkelte samanhengar er det eit ønske om ikkje å ha noka aldersavgrensing, og dette går greitt i familietypesamanheng ved aggregeringar til mindre detaljert nivå; til dømes kan ein slå saman ektepar med barn 0-5 år, 6-17 år og 18 år og over til ektepar med (heimebuande) barn.

I Standard for aldersgruppering heiter det: "For å avgrense gruppa barn, brukes helst aldersgruppa 0-17 år."

I familiestatistikken i dag blir barn rekna som personar under 18 år, det vil seie personar under myndigalder, i dei tilfella der det blir sett ei aldersgrense. Dette har vore praksis sidan 1989 og samsvarer med

praksis i dei andre nordiske landa utanom Island, som bruker 0-15 år (sjå t.d. seminarrapporten *Børn i statistikken*).

I inntekts- og formuesundersøkinga blir det publisert ein del tal for par med barn og mor/far med barn der aldersgrupperingane er 0-19 år, 20 år og over, og dessutan 0-17 år og 18 år og over. Sistnemnde aldersgruppering er komen til etter at familiestatistikken endra aldersgrensa for barn frå 20 til 18 år. Levekårsundersøkingane blir publiserte for barn 0-19 år.

I AKU gjeld definisjonen barn i aldersgruppa 0-15 år.

I Forbruk er barn definerte som ugifte, heimebuande personar. Desse inndelingane blir brukte ved publisering: 0-6 år, 7-19 år (og 20 år og over for "par med barn"), og det samsvarer med IN 85/31.

I UN-/ECE-tilrådingane til FoB2000 blir aldersgrensa for barn sett til 25 år (under 25 år og 25 år og over). Tilrådingane opnar i tillegg for meir detaljerte opplysningar ved å bruke desse aldersinndelingane for yngste barn: under 18 år, 18-24 år, 25-29 år og 30 år og over.

Kva taler for å velje éi aldersgrense framfor andre? 18 år som aldersgrense for barn er i tråd med den allmenne oppfatninga av myndigalder som skiljet mellom barn og voksen. Personar under 18 år blir rekna som barn i FNs barnekonvensjon (men ikkje i FN-tilrådingane til FoB2000). Vel ein 20 år som aldersgrense for barn, fell dette saman med avsluttinga av vidaregåande utdanning (for dei fleste). Overgangen mellom vidaregåande og høgare utdanning inneber i mange tilfelle flytting frå foreldreheimen (sjølv om dette ikkje medfører endra bustadregistering) og opprettninga av eit eige hushald. Kor økonomisk uavhengig ein student er av foreldra sine er eit empirisk spørsmål, men det er i alle fall fleire inntektskjelder tilgjengeleg (Lånekassa, deltidjobb). Val av 25 år som grense fell saman med internasjonale tilrådingar. Det fell også saman med ca.-tidspunkt for avslutning av utdanningsaktivt liv og overgangen til yrkesaktivt. På dette tidspunktet kan ein vente økonomisk sjølvstende og ei flyttemelding som gir den faktiske bustaden for unge personar.

Problemet som er knytt til studentar og bustadregistering i den norske registerbaserte statistikken, vil bli større ved val av den internasjonalt anbefalte aldersgrensa på 25 år enn ved val av myndigalder eller 20 år. Personar under 18/20 år er stort sett framleis skolelevar, økonomisk avhengige av foreldra og bur stort sett heime hos foreldra (sjølv om det kan føre kome kjønnsforskjellar og geografiske forskjellar).

⁴ FoB2001 vil bruke utgangen av året, men alder på teljetidspunktet blir teke med som eige kjennemerke til internasjonale rapporteringar og spesialkjøyringar.

For vernepliktige er valet mellom aldersgrense 18 og 20 år det viktigaste. Ved ei aldersgrense på 18 år er plasseringa av vernepliktige i familie/hushald ikkje spesielt problematisk, ettersom vernepliktika kjem ved myndigalder.⁵ Ved ei aldersgrense på 20 år er det fleire det gjeld; barnet er ikkje faktisk heimebuande lenger.

Dersom ein ser på ulike økonomiske ordningar, viser det seg at forsørgjarfrådraget fell bort ved fylte 19 år, barnetrygda fell bort frå den månaden barnet fyller 18 år, barnebidrag må betalast fram til barnet er 18 år, mens forsørgjarprikta til foreldra fell bort ved myndigalder. Alt i alt er det ulike aldersgrenser i ulike samanhengar, slik at vi må ta eit val for kva som skal gjelde i statistikksamanheng.

Ettersom det er registeropplysningars som ligg til grunn for utrekninga av alder i alle utvalsundersøkingane (og dessutan i den registerbaserte statistikken), er det fullt mogleg å setje aldersgrensa for barn på ein vilkårleg vald stad. Internasjonale forpliktingar kan oppfyllast samtidig som ein tek omsyn til særnorske forhold.

Konklusjon: Vi vel eit formelt kriterium for overgangen barn-vaksen, og vi må sjå aldersgrensa for barn i samanheng med myndigalder, slik at barn er barn 0-17 år (i dei tilfella det blir sett aldersgrense). I Sverige grunngir dei også denne aldersgrensa dels med myndigalder, dels med Barnekonvensjonen.

Med omsyn til hushaldsstatisitikk og for så vidt også i familiestatistikken er det av interesse å sjå på familiar/hushald der det også bur biologiske barn/ adoptivbarn/stebarn over ein viss alder også. Dette oppnår vi ved å sjå på vaksne barn 18 år og over.

Med einsarta formidling og høve til samanlikning som tungtvegande argument, anbefaler vi at den same aldersgrensa skal gjelde for familietypar som for hushaldstypar.

2.3.2. Aldersgrupperingar for barn

Familiestatistikken har eit breitt utval av undergrupper av aldersinndelinga 0-17 år. IN 85/31, som utvalsundersøkingane stort sett følgjer, gir inndealinga 0-6 år og 7-19 år. Skiljet gjekk ved skolealder, og det er no endra frå det året ein fyller 7 år til det året ein fyller 6 år. Ei todeling er eit minimumskrav, og skiljet passar godt ved skolealder. Ny foreslått aldersinndeling er da 0-5 år og 6-17 år.

Familietypane mor med barn og far med barn har berre hatt to aldersgrupper for barn, 0-19 år og 20 år og over, mens par med barn har hatt ei finare innde-

ling, 0-6 år, 7-19 år og 20 år og over. Dette at aldersinndelingane for yngste (ugifte) heimebuande barn ikkje er identiske for mor/far med barn og for par med barn, synest vi er uheldig.

Vi ser ingen sterke argument for at aldersinndelinga for yngste barn skal vere ulik for dei forskjellige hushaldstypane. Dette blir ikkje gjort i internasjonale tilrådingar. Derimot er det ønskjeleg å kunne samlikne hushalda med barn i same alder.

Konklusjon: Aldersinndelingane 0-5 år, 6-17 år og 18 år og over for barn skal gjelde både for par med barn og mor/far med barn.

Denne inndelinga er ikkje i samsvar med Standard for aldersklassifisering, som anbefaler femårige aldersgrupper. Ein kan sjå på inndelinga her som ei funksjonell inndeling som er viktig for fasetenkinga i familie- og hushaldsstatisitikk.

2.3.3. Pensjonsalder

Kor skal aldersgrensa for den eldste gruppa einpersonsfamiliær/åleinebuande og par utan barn gá? Eit "naturleg" punkt vil vere pensjonsalder.⁶ Dette er likevel ei variabel grense. Grensa for ordinær alderspensjon vart i 1973 sett ned frå 70 til 67 år. Samtidig er det høve til førtidspensjonering gjennom til dømes avtalefesta pensjon (gjeld frå 62 år). Arbeidsgruppa frå 1985 anbefalte aldersgruppa 65 år og over. Dette skil seg frå (ny) Standard for aldersklassifisering, der 67 år blir brukt som "grenseverdi" ettersom det er generell pensjonsalder.

Samtidig opnar Standard for aldersklassifisering for funksjonelle inndelingar. AKU publiserer tal i grunntabellane der inndelingane begynner med 65 eller 67 år. I tillegg blir gjerne eittårlige aldersgrupper for alderen 60-66 år nyttar, slik at eigne samanslåingar er moglege. I NOS Arbeidsmarkedsstatisitikk, som er den offisielle publikasjonen frå AKU, er 67 år grensa.

IF følger arbeidsgruppa frå 1985 og bruker 65 år og over. Levekár bruker 67 år og over.

Ein kan sjå på 65 år som eit kompromiss når det gjeld pensjonsalder (somme jobbar til fylte 67 år, andre pensjonerer seg tidlegare). Dette vil også vere i tråd med IF og ein del internasjonale rapporteringar, men altså eit avvik frå Standard for aldersklassifisering. I den grad det er eit ønske om å følgje Standard for aldersklassifisering, som AKU gjer, er valet 67 år og over.

Konklusjon: For pensjonsalder nyttar vi eit formelt kriterium, slik det også vart gjort i samband med

⁵ Det er mogleg å søkje om å få gjennomføre militærtjenesta før fylte 18 år. Det er likevel ikkje hovudregelen.

⁶ UN-/ECE-tilrådingane for FoB2000 nemner "legal retirement age".

aldersgrense for barn. Ein kan også sjå på pensjonsalder i eit omsorgsperspektiv, som for barn. Den høgaste aldersgruppa i familie-/hushaldstypane startar difor ved pensjonsalder, det vil seie 67 år.

2.4. Referanseperson/kontaktperson

Omgrepet *referanseperson* skal berre nyttast om referansepersonen i samband med tildeling av familienummer i DSF og i familiefila til Statistisk sentralbyrå, det vil seie den som får fødselsnummeret sitt brukt som familienummer. Den personen som blir intervjuet eller fyller ut eit skjema på vegner av familién eller hushaldet, blir kalla *kontaktperson*. I UN-/ECE-tilrådingane til FoB2000 blir omgrepet "reference person" brukt om det vi kaller kontaktperson.

UN-/ECE-tilrådingane i samband med FoB2000 seier at det er opp til kvart enkelt land å avgjere kven som skal vere kontaktperson. Val av kontaktperson kan variere frå undersøking til undersøking. Vi anbefaler at kvar undersøking bruker den kontaktpersonen som er mest nyttig for vedkomande undersøking. Det bør kome klart fram kva for kriterium som gjeld ved val av kontaktperson.

FoB80, FoB90 og FoB2001 har den eldste personen i familién som kontaktperson. Forskjellen mellom kontaktperson og referanseperson kan vi illustrere ved dette eksemplet: Familien (og hushaldet) består av eit ektepar med to barn. Kona er eldre enn mannen. Den eldste personen i familién, det vil seie kvinna, er kontaktperson for hushaldet og får skjema. Mannen er likevel referansepersonen, ettersom familienummeret til medlemmene i familién er fødselsnummeret hans (jf. tabell 1, kapittel 5.3).

Hausten 2001 vil alle busette i landet få nøyaktige bustadadresser. Etter 2001 vil bustadadresse kunne fungere som hushaldsnummer for personar som bur i den same bustaden. Dette kan gi eit godt grunnlag for å utarbeide hushaldsstatistikk frå register. Situasjonen som oppstår hausten 2001, er såpass ny at det ikkje er avklart korleis referanseperson skal veljast i hushaldet.⁷

2.5. Adresse

2.5.1. Registrering

Hovudregelen frå Forskrifter om folkeregistrering er at ein skal vere registrert på den adressa der ein har den regelmessige døgnkvila si (§ 2 nr. 1). Kortvarige opphold på ei anna adresse som varer under seks månader, utløyer inga endring av adressa i DSF, med mindre opphaldsstaden er den einaste bustadmessige tilknytinga personen har i dette tidsrommet. Etter desse hovudreglane frå DSF verkar det for ek-

sempel naturlig å rekne praktikantar med i hushaldet dersom bustaden hans eller hennar (den regelmessige døgnkvila) er hos arbeidsgivaren.

Ein del av familiedefinisjonen er å vere fast busett i den same bustaden. Bustadregistrering skjer på formell gateadresse. Det betyr at alle personar som bur i ein bygning med fleire bustader (t.d. høghusområde), er registrerte på den same gateadressa, sjølv om dei kan bu i forskjellige bustader. Etter at Stortinget i statsbudsjettet for 2000 vedtok å oppdatere Grunneigedom-, adresse- og bygningsregisteret (GAB-registeret) med bustadinformasjon om alle bustader, og å utvide adresseomgrepet i GAB og DSF med nøyaktig bustadadresse, vil det bli lettare å legge bustadadressa til grunn for danning av familie.

2.5.2. De jure-adresse og de facto-adresse

De jure-adressa, eller den formelle adressa, er den adressa ein person har etter Forskifter om folkeregistrering, uansett kor vedkomande har den regelmessige døgnkvila si.

De facto-adressa, eller den faktiske adressa, er adressa på den staden der ein person har den regelmessige døgnkvila si.

For dei fleste busette er det ingen forskjell mellom de jure-adresse og de facto-adresse. Det vil seie at dei fleste er registrerte som busette der dei har den regelmessige døgnkvila si.

Avvik mellom de jure-adressa og de facto-adressa er særleg eit problem i statistikken for gruppa ugifte bortebuande studentar og for gifte personar på pleieheim med ektefellen i ein privatbustad. Ifølgje Forskrifter om folkeregistrering skal ugifte bortebuande studentar registrerast som busette i foreldreheimen og ikkje på semesteradressa. Gifte personar på pleieheim med ektefelle i privatbustad skal framleis registrerast på adressa til privatbustaden. Dei to gruppene har til felles at døgnkvileregelen (lov om folkeregistrering § 2 nr. 1) ikkje blir brukt. Tilsvarende problem med motsetnader mellom faktisk og formell adresse eksisterer for pendlarar, vernepliktige, fengsla og personar som er innlagde på sjukehus. Jamfør kapittel 4.4 for ei nærmare drøfting av grupper som ikkje er registrerte på faktisk adresse.

Vi vil vidare i denne publikasjonen bruke dei norske nemningane formell og faktisk adresse.

⁷ Dette avsnittet er nytt i forhold til Rapporter 2000/5, sidan bustadadresseprosjektet vart vedteke etter at Rapporter 2000/5 var ferdig.

3. Praksis i dag⁸ ved bruk av familie- og hushaldstypar

Familiestatistikken er til og med 1. januar 1998 publisert for alle familietypane som inngår i familietypeinndelinga i IN 85/31. Registrerte partnarskap blir inkluderte i gruppa ektepar med og utan barn. Den registerbaserte familiestatistikken har vore ulik frå IN 85/31 på to punkt: 1) Familietypeinndelinga skil ikkje mellom type par, mens familiestatistikken definerer ektepar utan barn, ektepar med barn og sambuarpar med minst eitt felles barn kvar for seg. Sambuarpar utan felles barn, som etter standarden skulle inngått i par, finst det ikkje tal for. 2) Det blir ikkje brukt aldersgrupper (i nokre tilfelle opererer ein med aldersgrense 18 år for barn).

På grunn av mangelfullt datagrunnlag vedtok Statistisk sentralbyrå i desember 1999 å redusere detaljringssgraden i familiestatistikken. Dette medfører at vi inntil datagrunnlaget blir betre, berre vil publisere statistikk for familietypane ektepar (inkl. registrerte partnarar) med/utan barn og sambuarar med felles barn. Det blir dessutan ei oppteljing av dei resterande i gruppa "Annan familietype".

IF lagar statistikk over *hushald*, og inndelingane under einfamiliehushald er gjennomgåande i samsvar med IN 85/31, delvis på detaljert nivå og delvis på aggregert nivå (det blir brukt aggregert nivå med nokre inndelingar frå detaljert nivå i tillegg).⁹ Eit par avvik:

- a) Fleirfamiliehushalda er slått saman til éi gruppe.
- b) IF lagar statistikk med aldersinndelinga 0-17 (0-6, 7-17) år for barn, i tillegg til for 0-19 år.

Forbruk gjeld også hushald, og dei aller fleste inndelingane er i tråd med hushaldstypeinndelinga på detaljert og aggregert nivå.

Både AKU og Levekár lagar statistikk over personar, ikkje hushald. AKU bruker berre opplysningsar om

⁸ Praksis i dag refererer seg både her og i resten av NOS-en til praksis da rapporten vart laga i 1999, og dei forskjellane som var noko av bakgrunnen for at prosjektet vart sett i gang.

⁹ IF har ikkje fråfall. I dei tilfella der det ikkje blir henta inn opplysningsar frå ein intervuperson i bruttoutvalet, nyttar IF re-gisteropplysningane om familietype. Ettersom opplysningsar om sambuarpar utan felles barn er ikkje eksisterande i familiefila og opplysningsane om einslege, mor med barn og far med barn er mangelfulle, vil fråfallshandteringen i IF innehalde enkelte feil. Det vil bli litt for låge tal på par utan barn (pga. sambuarpar utan barn) og par med barn (pga. sambuarpar med særkullsborn) og dessutan for høge tal for mor/far med barn og einslege.

sivilstand. Elles blir familie- eller hushaldsomgrepet i liten grad trekt inn.¹⁰ Når det gjeld aldersinndelinga, opererer AKU med ei finare inndeling (femårsintervall for aldersgrupper).

I Levekár bruker dei familiefase (personvariabel), der fasane er bortimot parallelle med hushaldsinndelinga på detaljert nivå. Avvika gjeld framfor alt aldersgruppene som blir nytta; for einslege bruker dei 16-24 år og 25-44 år i tillegg, og som øvste aldersgrense nyttar dei 67 år (avvik fra IN 85/31, i samsvar med Standard for aldersklassifisering).

I AKU 2. kvartal samlar dei inn hushaldsopplysningsar med tanke på Eurostat-rapportering (gjort sidan 1996). Talet på personar i hushaldet og relasjonen til kontaktpersonen for kvar person blir kartlagt. Talet på personar blir til dømes kartlagt ved å spørje om det er barn under 16 år i hushaldet.

4. Hushaldsstatistikkk

Arbeidsgruppa av 1985 formulerte ein definisjon av hushald. Vi fører han vidare, men med ein modifikasjon (utheva skrift) for å inkludere felleshushald:

"Utgangspunkt for definisjonen av eit hushald er at det skal bestå av personar som er fast busette i den same bustaden (bueininga) eller institusjonen".

Vi skal i det følgjande gå inn på ulike sider ved hushaldsstatistikken.

4.1. Internasjonale tilrådingar

Dei internasjonale tilrådingane (UN-/ECE-avsnitta 181-190) for FoB2000 prioriterer faktisk bustad ("place of usual residence") som eit grunnlag for medlemskap i hushaldet. Det er lov å bruke formell bustad i tilfelle informasjon om faktisk bustad ikkje er tilgjengeleg.

Når det gjeld hushald, skil tilrådingane mellom privat- og institusjonshushald. Eit privathushald er anten eit einpersonshushald eller eit fleirpersonshushald. Tilrådingane vil helst ha kosthushald (sjá definisjon i kapittel 4.2.1), og landa som bruker buhushald, blir oppfordra til å estimere kor mange kosthushald som inngår i talet på buhushald.

Institusjonshushald (i norsk språkbruk vanlegvis kalla felleshushald) blir definert til å bestå av personar som får dekt behova sine for opphold og omsorg ("shelter and subsistence") av ein institusjon. For å bli rekna som ein del av eit felleshushald, må ein bu der fast, og ein må ha vore fråverande frå

¹⁰ Familiefasevariabel blir brukt når det gjeld yrkesaktivitet til kvinner.

privatbustaden i minst eitt år. Ein institusjon er "a legal body for the purpose of long-term inhabitation and provision of institutionalised care given to a group of persons" (UN-/ECE-avsnitt 187). Nærare beskriving av omgrepa felleshushald og institusjon i forhold til norsk statistikk finst i kapitla 4.2.2 og 4.2.5.

4.2. Spesifikke hushaldsomgrep

4.2.1. Privathushald

Eit privathushald består av personar som er fast busette i den same bustaden, og der denne bustaden ikkje er ein institusjon. I undersøkingar der det metodisk er gjennomførbart, bør ein bruke kosthushald. Dersom dette ikkje er mogleg, bør ein bruke buhushald.

UN-/ECE-avsnitt 183 bruker omgrepet "housekeeping unit concept" for å forklare kva dei meiner med eit kosthushald. Som basis for omgrepet kosthushald ligg det dermed ein indikasjon om at det ikkje er nok at ein bur i den same bustaden, ein må i tillegg ha noko felles som knyter personane saman til eit einsarta fellesskap. Intervjuundersøkingane har dette som utgangspunkt, men operasjonaliserer det på forskjellige måtar.

I AKU reknar dei personar som vanlegvis har minst eitt dagleg måltid felles, for å tilhøyre det same kosthushaldet. Dette kan verke noko strengt, sidan ein kan rekne med at det i vår tid, med aukande aktivitetstilbod og ein meir hektisk dagsrytmje, har vorte færre familiar med daglege, felles måltid.

Forbruksundersøkinga har da også utelate det kriteriet frå kosthushaldsdefinisjon sin. For å bli rekna som del av kosthushaldet er det i Forbruk nok at ein et minst eitt dagleg måltid i hushaldet (for seg sjølv eller med andre). Men her kan ein nok kome i fare for å bli for inkluderande ved kanskje å rekne med personar som ikkje er ein del av kosthushaldsfellesskapet. Eit eksempel er ein som leiger eitt hybelrom i ein bustad og har tilgang til kjøkkenet. Det verkar ikkje naturleg at han/ho er med i kosthushaldet han/ho leiger av.

Denne personen ville heller ikkje vorte med i hushaldet etter operasjonaliseringa i levekårsundersøkingane. Der blir dei som er felles om matutgiftene rekna for å utgjere kosthushaldet. På denne måten kjem ein nærare inn på det teoretiske grunnlaget der hushaldet utgjer ei økonomisk eining. Forbruk stiller eit oppfølgingsspørsmål om økonomisk fellesskap for å avgjere om ein person er mellombels fráverande. Økonomisk fellesskap ser ut til å vere det beste utgangspunktet for å gi ei teoretisk grunngiving for eit kosthushald, men det kan også gi grunnlag for ei viss omgrevsuvisse i forhold til kva det betyr å ha "felles matutgifter". I ein familie med éi inntekt er matutgif-

tene ikkje felles i den forstand at alle deler på utgiftene, men den i tydinga at inntekta blir bruk til felles forsørging av hushaldsmedlemmene. For å prøve å unngå denne omgrevsuvissa har vi valt å bruke uttrykket "felles kost" i staden for "felles matutgifter" for å beskrive denne "felles forsøringa".

Omgrepa for privathushald blir dermed desse:

Eit kosthushald består av personar som er fast busette i den same bustaden og har felles kost.

Eit buhushald består av personar som er fast busette i den same bustaden.

Fleire kosthushald som bur i den same bustaden dannar eit buhushald.

Definisjonen av buhushald er i tråd med UN-/ECE-avsnitt 184, som bruker omgrepet "household-dwelling". Eit buhushald består av eitt eller fleire kosthushald. I registersituasjonen i dag, der bustadregistrering skjer på gateadresse (gatenummer, husnummer og oppgang) vil det ikkje vere mogleg å danne buhushald ut frå register. Når adressa i GAB og DSF blir utvida med eit bustadnummer, vil denne situasjonen bli endra. Innføring av eit bustadnummer vart vedteke av Stortinget i statsbudsjettet for 2000.

4.2.2. Felleshushald

Eit felleshushald består av personar som er busette og får behova for kost, pleie og omsorg dekte på ein institusjon. For å bli rekna som busett i eit felleshushald, må opphaldet vere meint eller vise seg å vare minst seks månader. Dette vik av frå dei internasjonale tilrådingane, der grensa er eitt år. Vi fører vidare tidsrommet på seks månader, som er innarbeidd i Forskrifter om folkeregistrering § 2 nr. 8 og i Statistisk sentralbyrås befolkningsstatistikk.

Personar som er vernepliktige, på sjukehus eller i fengsel blir ikkje rekna som busette i institusjonen, men der dei var før dei vart innkalla, innlagde eller innsette, jamfør tidlegare nemnde Forskrifter om folkeregistrering § 2 nr. 6-8. Personar som bur i privatbustader blir rekna som privathushald, sjølv om det kan vere tenester som er knytte til bustaden (t.d. kommunale helse- og omsorgstenester). Vi gjer nærrarer greie for institusjonsomgrepet i kapittel 4.2.5.

Private fleirfamiliehushald blir ikkje rekna som felleshushald.

4.2.3. Bustadlause

Personar som i DSF er merkte med verdien "Utan fast bustad" i feltet for spesifisert registreringstype, kan ikkje kontaktast i samband med utvalsundersøkingar. Desse personane har gitt opp bukommune, men ikkje adresse. I registerstatistikken kjem slike personar

med som bustadlause (dette dreier seg om 2 000-3 000 personar).

I tillegg er det ei svært lita gruppe (under 20 personar) som heller ikkje er registrert på kommune, og det blir vist med verdien 9999 i feltet for kommune-nummer. Desse personane har til no ikkje vore med i statistikken over busette i Noreg, men frå 1. januar 2000 vil dei vere med i folketaket i Oslo kommune.

4.2.4. Bustad - ikkje institusjon

Ein bustad er ei bueining

- som har eitt eller fleire rom
- som er bygd eller ombygd til heilårs privatbustad for ein eller fleire personar
- med eigen inngang til rommet/romma utan at ein må gå gjennom ein annan bustad.

Ein bustad er anten ei leilegheit eller ein hybel. Ei *leilegheit* er ein bustad med minst eitt rom og kjøkken (leilegheit inkluderer også einebustad, rekkjehus osv.).

Ein *hybel* er eit rom med eigen inngang tenkt som bustad for ein eller fleire personar som har tilgang til vatn og toalett utan at det er nødvendig å gå gjennom ei anna leilegheit. Dette inkluderer også hyblar i hybelbygg med felles inngang og kjøkken, typisk studenthyblar og einingar i bufellesskap for eldre, funksjonshemma og liknande. "Hyblar" utan eigen inngang (t.d. eit rom i ein privatbustad) blir ikkje rekna som bustad.

4.2.5. Institusjon - ikkje bustad

Institusjonar er bueiningar som er drivne av ein juridisk person ("legal body" - UN-/ECE-avsnitt 187) som har som formål å gi langtidsopphold, kost, heildøgnspiele og omsorg. Det kan til dømes vere sjukehus eller alders- og sjukeheimar.

Privatbastered som er tilpassa pleiebehov, og som det er knytt helse- og omsorgstenester til, blir rekna som privatbastered, til dømes omsorgsbastered for eldre eller funksjonshemma (inkl. psykisk utviklingshemma). For dei som bur i slike bustader, legg ein den alminnelege døgnkvila til grunn for folkeregisteringa.

Personar som oppheld seg i militærforlegningar, fengsel eller sjukehus, blir ikkje rekna som del av institusjonsbefolkinga. Militærforlegningar, fengsel og sjukehus har heller ikkje typiske pleieformål, men er likevel institusjonar ettersom dei ikkje er private

hushald og dessutan gir bustad, kost og nødvendig tilsyn.

4.3. Praksis i nokre undersøkingar i dag

Arbeidsgruppa av 1985 formulerte ein "hovudregel" for kor ein person er rekna som busett. Ein kan lett misforstå denne regelen i tilknyting til hushaldsstastikken:

"Som hovedregel er en person regnet som bosatt i den boligen hvor vedkommende er registrert bosatt i folke-registeret på det tidspunktet eller i det tidsrommet statistikken gjelder for" (IN 85/31, s. 4).

Hovudregelen legg til grunn at alle busette blir ført på éi formell adresse. Resultatet av framgangsmåten er at nokre grupper av personar blir tekne med i hushaldsstastikken på feil, faktisk adresse og i feil hushald. Ser vi bort frå metodiske problem i samband med datafangst, kan vi formulere eit generelt mål om å bruke faktisk bustad som grunnlag for danninga av hushald som analyseeininger i statistikken.

Målet er relativt enkelt å nå i intervjuundersøkingar med personlege intervju, noko vanskelegare i postale skjemaundersøkingar, mens det i registerbaserte undersøkingar blir problematisk å leggje faktisk bustad til grunn for etablering av hushald som analyseeininger. I slike undersøkingar må Statistisk sentralbyrå nøye seg med formell bustad som grunnlag for etablering av hushald. Situasjonen vil kunne bli betre ved at vi legg faktisk bustad til grunn i folkeregistringa for studentar og eventuelle andre grupper.

Vidare gjorde arbeidsgruppa av 1985 ei tolking som fører til unøyaktige resultat:

"Inntekts- og formuesundersøkelsen i 1982 viste at tallet på bo- og kosthusholdninger var tilnærmet like stort. Vi har i forslaget til standard derfor valgt å tolke det slik at de to begrepene dekker hverandre. Dermed er det bare nødvendig med statistikk for en type privathusholdning" (IN 85/31, s. 6).

Etter at notatet vart skrive i 1985, har det utvikla seg ein praksis med to typar privathushald i forskjellige statistikkar. Så langt vi kan sjå, blir kosthushald brukt i intervjuundersøkingar. I norske folke- og bustadteljingar har buhushald vore brukt frå og med 1970, og FoB2001 kjem også til å bruke buhushald.

Oversikta på neste side viser korleis praksisen er i dag i nokre forskjellige statistikkar.

Kjelde	Adresse	Kost- eller buhushald
Register (BESYS) ¹¹	Formell	Buhushald
FoB2001	Formell Faktisk blir kanskje eit supplement	Buhushald
Intervjuundersøkingar (AKU, Boforhold, Levekár, Forbruk)	Faktisk	Kosthushald

Kosthushald er ofte den analysen ein vel for demografisk og mikroøkonomisk forsking, sidan det gir den beste tilnærminga til den avgjerdseininga som skal analyserast. Samanlikna med buhushald gir kosthushald betre grunnlag for å avgrense separate økonomiske einingar når økonomisk åtferd er fokus for analysen.

Dersom ein likevel ønskjer å bruke buhushald som analyseeining i utvalsundersøkingar, kan ein danne slike einingar ved å slå saman kosthushalda på den same bustadadressa, eventuelt ved å stille oppfølgingsspørsmål. Det er difor ein fordel at ein samlar inn kosthushaldsdata, sidan det gir større datarikdom og hove til fleksibilitet i analysen. Men i registerbaserte undersøkingar der ein ikkje kan vente å få gode kosthushaldsdata, vil det beste vere berre å halde seg til buhushald.

Alle intervjuundersøkingane bruker det same bakgrunnsregisteret (BESYS, som er systemet for produksjon av dei befolkningsfilene som ligg til grunn for Statistisk sentralbyrås befolkningsstatistikk), men på grunn av dei ulike målsetjingane til undersøkingane bruker dei forskjellige typar samansettning av panel og utval. Dei har også noko varierande omgrep for kosthushald og ulike framgangsmåtar for å slå fast kven som faktisk er medlem av hushaldet (jf. vedlegg A).

4.4. Grupper som ikkje er registrerte på faktisk adresse

Vi skal i dette avsnittet vise korleis enkelte vanskelege grupper best kan få ei faktisk og standardisert bustadsregistrering, slik prosjektgruppa ser det.

Vi kjenner til nokre grupper med personar som har ei anna faktisk adresse enn den formelle adressa i DSF:

- Ugifte, bortebuande studentar. Desse bør ein føre på faktisk adresse så langt det metodisk let seg gjere. I registersamanheng er vilkåret at studente faktisk melder flytting, at DSF aksepterer meldinga, og at desse registreringane også blir gjorde gjennomgåande slik at ekstern statistikk framleis blir konsistent med vår. I intervjuundersøkingar blir studentane registrerte som

eige hushald, men det er opp til kontaktpersonen å avgjere kor studenten er busett, og spørsmål blir ikkje stilte på den same måten.

I motsetning til AKU har levekårs- og forbruksundersøkingane gjort eigne operasjonaliseringar for å slå fast om studenten faktisk er bortebuande. I instruksen til Levekár blir det presisert at ein skal rekne studentane som fast busette i foreldreheimen dersom dei bur heime minst fire dagar pr. veka. I Forbruk blir ugifte studentar og studentar som oppfyller krava til bortebuarstipend, registrerte som busette på studiestaden dersom utdanninga varer meir enn seks månader. (Forbruk bruker ikkje noko register over kven som har krav på bortebuarstipend, berre opplysningar frå kontaktperson.)

Spørsmål som er baserte på bortebuarstipend, kan verke unødig tekniske, og kan også føre til store misvisinger, til dømes dersom reglane i samband med bortebuarstipend blir endra, eller dersom studenten av ein eller annan grunn ikkje har rett til stipend (til dømes høg formue eller inntekt) sjølv om han/ho reelt er bortebuande. Det bør vere relativt uproblematisk for kontaktpersonen å ha ei formeining om studenten bur heime, men dersom kontaktpersonen er i tvil, kan det vere ein fordel å ha Levekårs operasjonalisering med minst fire heimebuande dagar i veka som felles definisjon.

Det verkar også fornuftig å gjere som Levekár gjer ved å rekne skoleelevar/studentar under 18 år som busette i foreldreheimen sjølv om dei er borte på skole/studiestad, sidan dei enno ikkje er myndige.

- Eldre, gifte på institusjon med ektefelle i privatbustad. Kven som tek den "regelmessige døgnkvile" si i institusjonar, er ikkje lett å avgrense. I tidlegare folke- og bustadteljingar har denne informasjonen hatt dårleg kvalitet, noko som dels kjem av at om lag halvparten av dei som faktisk oppheld seg på institusjon, er registrerte i DSF med bustad utanfor institusjonen. Ei stor gruppe blant desse er eldre ektepar. Dette heng saman med ei lita motsetning i Forskrifter om folkeregistrering. Det heiter på den eine sida at innlagde

¹¹ BESYS er systemet for produksjon av befolkningsstatistikk og -filer i SSB.

på institusjon (minus fengsel, sjukehus etc.) skal "regnes som bosatt der når oppholdet er ment eller viser seg å vare minst seks måneder". På den andre sida seier "ekteparregelen" (§ 2 nr. 3) at ektefellar som har felles heim "regnes som bosatt i dette hjemmet selv om en eller begge tar sin overveiende døgnvile andre steder".

Dersom eit registersystem skal kunne gi oss informasjon om kven som faktisk bur i institusjonar, må truleg to forhold bli betre. Vi treng ei endring eller klargjering av Forskrifter om folke-registrering knytt til denne "befolkningsgruppa", og GAB må kunne gi gode opplysningar om kva for bygningar som er institusjonar og kva type institusjon det dreier seg om.

I intervjuundersøkingane kan det vere problematisk når ein person som bur på institusjon, kjem med i utvalet, eller er med i familien til kontaktpersonen. Dersom institusjonsbeburarar feilaktig blir med i utvalet, men kontaktpersonen oppgir at dei er busette på institusjon, blir dei i Forbruk og Levekår registrerte som avgang. I AKU blir personar som bur på institusjon, avmerkte slik at dei også her blir haldne utanfor hushaldet. For alle intervjuundersøkingane gjeld det at gifte personar på institusjonar ikkje har nokon særreglar, og dei blir difor ikkje rekna med i privathushaldet til den andre ektefellen.

- Pendlarar. Ifølgje Forskrifter om folkeregistrering (§ 2 nr. 2a) blir dei som tek døgnkvila si skiftevis på to eller fleire stader, rekna som busette der dei etter ei samla vurdering for det meste har den faste opphaldsstaden sin. Ekteparregelen har forrang i dette tilfellet. Ektefellar eller registrerte partnarar der ein eller begge pendlar, blir rekna som busette i det same hushaldet (§ 2 nr. 3). Pendlarar med mellombels fravere frå heimen blir rekna som ein del av hushaldet. Ugifte pendlarar under 22 år som pendlar mellom foreldreheimen og ein annan bustad, blir rekna som busette i foreldreheimen (§ 2 nr. 2b). I tvilstilfelle, til dømes der pendlaren har fleire døgnkvilesteder, er det i intervjuundersøkingane opp til kontaktpersonen å vurdere kor personen har den faste opphaldsstaden sin, og om personen er ein del av kosthushaldet.
- Vernepliktige. Vernepliktige har den regelmessige døgnkvila si på ein annan stad enn den formelle adressa i DSF, men det vil ikkje vere mogleg å tilordne personar i den gruppa ei faktisk adresse "av omsyn til riksens tryggleik". Sidan vi ikkje er i stand til å kartlegge den faktiske adressa til dei vernepliktige, er dei i ein litt spesiell og vanskeleg kartleggingssituasjon. Dette er beklageleg, sidan ein spesielt ved fullteljingar som FoB2001 ønskjer

å kartlegge alle i populasjonen med ei adresse-tilknyting. Det er likevel betre med ei formell registrering enn inga i det heile, og den einaste informasjonen som er tilgjengeleg frå DSF, er der dei hadde bustaden sin før tenesta begynte (Forskrifter om folkeregistrering § 2 nr. 6).

Intervjuundersøkingane har inga samanfallande løysing på dette. Levekårs- og forbruksundersøkingane følger den same praksisen som DSF, men AKU reknar ikkje dei vernepliktige som del av hushaldet. AKU gjer undersøkingane sine etter retningslinjer frå Eurostat og kartlegg ikkje felleshushald som dei vernepliktige her blir rekna som del av. Det blir difor heller ikkje etablert noko eige hushald for dei vernepliktige.

Samanlikna med bortebuande studentar har dei vernepliktige relativt sett ikkje så langvarig periode med fravere frå hushaldet, og dei fleste vender med høgst sannsynleg tilbake til det tidlegare hushaldet sitt etter avslutta teneste. Som standard foreslår vi difor å vidareføre Levekårs og Forbruks praksis med å vere i tråd med DSFs reglar, og rekne dei vernepliktige som del av det hushaldet dei var i før dei drog i teneste, og heller sjá på dei som mellombels fravérande.

- Innsette og personar som er innlagde på sjukehus, blir i DSF registrerte som busette der dei hadde bustaden sin før fengslinga/innlegginga, jf. Forskrifter om folkeregistrering § 2 nr. 7,8. Av intervjuundersøkingane er det berre Levekårs intervjuinstruks som seier noko uttrykkjeleg om desse gruppene. Levekår har den same praksisen som DSF og reknar at innsette og sjukehuspasientar til privathushaldet. I Levekårs instruks blir sjukehus skilde frå sjukeheimar, sjukeheimspasientar blir rekna som busette i ein institusjon og blir registrerte som avgang - venteleg fordi sjukehus i sterke grad er innretta for korttidsopphold. Som standard verker det rimeleg å føre vidare DSFs og Levekårs praksis.

4.5. Standard for hushaldstypar^{12, 13}

Her vil vi presentere kjennemerke for privathushald og personar i privathushald. Forskjellen mellom bu- og kosthushald er særleg viktig når det gjeld privathushald. Det familiaære aspektet er også spesielt interessant i forhold til privathushald. Felleshushald og kjennemerke i samband med dei kjem vi ikkje inn på. Vi har valt ikkje å gå inn på felleshushald, sidan ingen av dei "ordinære" utvalsundersøkingane dekkjer denne delen av befolkninga.

¹² Inndelinga i IN 85/31 finst i vedlegg B.

¹³ Seksjon for nasjonalrekneskap nyttar andre inndelinger for hushald, sjá vedlegg C.

Dette betyr at det er ei avgrensing i kven kjennemerke som gjeld for. Særleg for variablar som ein kan vente er ulikt fordelte mellom personar i privat- og felles-hushald, er det viktig at ein overfor brukarane presiserer eventuelle avgrensingar i gruppa av personar ein ser på.

Vidare arbeid med kjennemerke for felleshushald blir overlate til ei eventuell arbeidsgruppe som blir oppnevnt for dette og/eller i påvente av at registeropplysningane blir av ein slik kvalitet at dei kan brukast til å skaffe hushaldsopplysningar, deriblant om felleshushald. Ei eventuell undersøking av institusjonshushald står dermed friare til å konstruere meiningsfylte kategoriar ut ifrå behov og erfaringar.

Inndelingane er uavhengige av om det er snakk om kosthushald eller buhushald.

Som i IN 85/31 blir det vurdert som eit viktig skilje om det er barn i hushaldet, og dessutan kor mange familiar som inngår i hushaldet. Under følgjer den nye inndelinga.

Detaljert inndeling

Einfamiliehushald

1. Åleinebuande under 30 år
2. Åleinebuande 30-44 år
3. Åleinebuande 45-66 år
4. Åleinebuande 67 år og over
5. Par utan barn, eldste person under 30 år
6. Par utan barn, eldste person 30-44 år
7. Par utan barn, eldste person 45-66 år
8. Par utan barn, eldste person 67 år og over
9. Gift par med små barn (yngste barn 0-5 år)¹⁴
10. Gift par med store barn (yngste barn 6-17 år)
11. Gift par med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
12. Sambuarpar med små barn (yngste barn 0-5 år)
13. Sambuarpar med store barn (yngste barn 6-17 år)
14. Sambuarpar med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
15. Mor med små barn (yngste barn 0-5 år)
16. Mor med store barn (yngste barn 6-17 år)
17. Mor med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
18. Far med små barn (yngste barn 0-5 år)
19. Far med store barn (yngste barn 6-17 år)
20. Far med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)

Fleirfamiliehushald

21. Hushald med to eller fleire einperson-familiar
22. Andre hushald utan barn 0-17 år

23. Andre hushald med barn (yngste barn 0-17 år)

Aggregert inndeling

<i>Einfamiliehushald</i>	Detaljert inndeling
I. Åleinebuande	(1-4)
II. Par utan ugifte heimebuande barn	(5-8)
III. Par med små barn (yngste barn 0-5 år)	(9, 12)
IV. Par med store barn (yngste barn 6-17 år)	(10, 13)
V. Mor/far med små barn (yngste barn 0-5 år)	(15, 18)
VI. Mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)	(16, 19)
VII. Einfamiliehushald med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)	(11, 14, 17, 20)

Fleirfamiliehushald

VIII. Fleirfamiliehushald med barn 0-17 år	(23)
IX. Fleirfamiliehushald utan barn 0-17 år	(21, 22)

Grov inndeling

Grov inndeling	Aggregert inndeling
a) Åleinebuande	(I)
b) Hushald med barn (einfamilie- og fleirfamiliehus-hald med yngste barn 0-17 år)	(III, IV, V, VI, VIII)
c) Andre hushald	(II, VII, IX)

Vi anbefaler ein praksis med at ein for par skal ta med ein fotnote som seier kva typar par som inngår, det vil seie ektepar, sambuarpar og/eller registrerte partnarskap.

Barn er pr. definisjon ikkje i samliv, barnlause og heimebuande. Det kan vere ein fordel å ta med ein fotnote der det står at barn berre er personar som er utan samlivspartner og utan eigne barn, på den same adresse som foreldra.

Tilleggskjennemerke for hushald

- Talet på barn i hushaldet
Inndelinga som blir anbefalt, er eitt barn, to barn, tre barn, og fire barn og over.
- Talet på personar i hushaldet
Inndelinga som blir anbefalt, er éin person, to personar, tre personar, fire personar osv.
- Eldste person i hushaldet
Inndelinga av hushaldet etter alderen på eldste person bør skje i følgjande grupper:
Eldste person under 30 år
Eldste person 30-44 år
Eldste person 45-66 år
Eldste person 67 år og over.

¹⁴ Registrerte partnarskap blir betrakta som gifte par.

Alternative aggregeringar

Alle utvalsundersøkingane bruker i dag delvis inndelingane frå IN 85/31, men dei blir gjerne aggregerte også, til dømes ved å slå saman mor og far med små og store barn, eller par med små og store barn, eller å lage éi gruppe for andre hushald (som gjerne innehold fleirfamiliehushald og einfamiliehushald med vaksne barn). Det ser ut til at det er vanskeleg å finne og følgje ein rigid standard som passar til alle formål. Vi anbefaler at inndelingane på detaljert nivå ligg fast. Andre kombinasjonar (enn "Aggregert inndeling" og "Grov inndeling") av inndelingane på detaljert nivå er tillatne, det vil seie at bruk av aggregert nivå med nokre finare inndelingar ikkje er i strid med standarden. Hovudpoenget er at det framleis kan samanliknast. Ved val av andre aggregeringar bør ein som eit minimum vurdere skiljet med/utan barn, og alder for áleinebuande/eldste person i parforhold og for barn.

5. Familiestatistikk

Familiar er ikkje det same som hushald, samtidig som dei har en del fellestrekk. Som vist i kapittel 2 er den nye familiedefinisjonen slik:

*"En familie består av personer som er fast bosatt i samme bolig, og som er knyttet til hverandre som ektefeller, samboere, **registrerte partnere**, og/eller som foreldre og ugifte barn (uansett det ugifte barnets alder). En familie kan i høyden bestå av to (**påfølgende**) generasjoner og kun et ektepar/ **partnerskap**/ samboerpar. Som familie regner vi også enkeltpersoner, slik at alle personer er med i en husholdning og en familie, enten sammen med andre personer eller alene.."*

Dette er den same definisjonen som den arbeidsgruppa av 1985 utforma (IN 85/31), bortsett frå dei presiserande ledda som er i utheva skrift.

5.1. Internasjonale tilrådingar

Dei internasjonale tilrådingane for FoB2000 gir ein definisjon av familie (UN-/ECE-avsnitt 191). I snever tyding består ein familie av to eller fleire personar i eit privat eller institusjonelt hushald som er gifte, sambuarar eller éin forelder med eitt eller fleire barn. Statistisk sentralbyrås familiestatistikk omgår desse (og tidlegare) internasjonale tilrådingar etter som familietypen "einsleg" også er med i statistikken. Tanken bak den norske praksisen har vore at i prinsippet skal ein kunne kategorisere alle busette, det vil seie at familiestatistikken skal dekkje heile befolkninga, alle personane i folkemengda skal høyre til i ein familie. Einpersonfamiliar (ny nemning for "einsleg") er ei omfattande gruppe i Noreg, og vi ser det som uheldig å oversjå ho i statistikken. Dette,

saman med eit ønske om å sikre kontinuitet i forhold til tidlegare statistikk, gjer at vi framleis anbefaler at éin person kan vere ein eigen familie. Praksisen i Noreg vil da vike av frå praksisen i Sverige, men samsvarer med dansk praksis.¹⁵ Valet av nemninga "einpersonsfamilie" for tidlegare "einsleg" er gjort på bakgrunn av valet om framleis å la ein person utgjere ein eigen familie. Ein kan knyte einpersonsfamilie nærrare opp til ein eventuell utvida bruk av omgrepet familiekjerne (sjå 5.2.4 under). Da vil ein få inn skiljet mellom familiar med éin og familiar med to og fleire personar.

Dei internasjonale tilrådingane (UN-/ECE-avsnitt 192) definerer barn som alle personar som er ugifte og ikkje sambuande, og som vanlegvis bur i hushaldet til minst éin av foreldra (skil mellom barn under 25 år og 25 år og over) (UN-/ECE-avsnitt 203). Barn inkluderer stebarn og adoptivbarn, men ikkje fosterbarn.

5.2. Spesifikke familieomgrep

5.2.1. Familienummer

Personar i ein familie blir knytte saman i Statistisk sentralbyrås befolkningsbase (BESYS) ved hjelp av fødselsnummeret til referansepersonen. Dette fødselsnummeret blir kalla familienummeret.

5.2.2. Slektskapen til referanseperson

Slektskapen til referansepersonen går fram av tabell 1. Kona, og dessutan eventuelle barn, får fødselsnummeret til ektemannen eller faren (referansepersonen) som familienummer. Den eldste partnaren er referanseperson for den yngste partnaren og eventuelle barn i registrerte partnarskap. I familietypen sambuarpar med barn får far og barn fødselsnummeret til mora som familienummer. Barn i familietypane mor/far med barn får fødselsnummeret til forelderen som familienummer uansett kjønnet til forelderen.

5.2.3. Generasjon

Biologiske og adopterte barn tilhører ein ny generasjon, men er ein del av familién til referansepersonen. Ein barnlaus person som bur hos den eine eller begge foreldra, og som ikkje er gift, sambuande eller har inngått partnarskap (eller har endra sivilstatus to gonger), har det same familienummeret som foreldra uansett alder. Familiar har maksimum to (påfølgjande) generasjoner. I fleirgenerasjonshushald blir dei to yngste generasjonane skilte ut som ein eigen familie med eige familienummer.

¹⁵ Sverige nyttar for øvrig nemninga "familie" (familj/kärnfamilj) for to eller fleire personar og "familieining" for familiar pluss (være) einpersonfamiliar.

5.2.4. Familiukjerne

Familiukjerne er nemninga for alle familietypane med to eller fleire personar. Alle utanom einpersonsfamiliar er del av ein familiukjern. I internasjonale tilrådingar (UN-/ECE-avsnitt 191) nyttar dei omgrepet "family nucleus".

5.2.5. Stefamiliar

Ifølgje UN-/ECE-avsnitt 195 består rekonstituerte familiar av ektepar eller sambuarar der berre éin er forelder til eitt eller fleire av barna (biologiske eller adopterte). Dette er i samsvar med det Notater 96/24 s. 11 kallar særkullsbarn.

I barnestatistikken betyr familietypane "Mor og stefar" og "Far og stemor" at barnet bur saman med ein biologisk forelder og ein steforelder, som anten kan vere gifte med kvarandre eller sambuande utan å vere gifte. Dersom dei er sambuande, må det vere minst eitt felles barn i forholdet som knyter dei saman (Notater 96/24 s. 14).

5.3. Praksis i dag i familiestatistikken

Statistisk sentralbyrås familiestatistikks byggjer på DSF i Skattedirektoratet. Statistisk sentralbyrå får dagleg overført informasjon frå DSF. Informasjonen frå DSF blir lagd inn i Statistisk sentralbyrås befolkningsbase (BESYS). Kvar person i BESYS er identifisert ved eit fødselsnummer. Familiar er identifiserte med eit familienummer, som er fødselsnummet til referansepersonen i familien. Tabell 1 viser gjeldande praksis for val av referanseperson og tildeling av familienummer i BESYS (delvis basert på Notater 96/24).

Det blir brukt ulike aldersgrenser for barn. Familiestatistikken blir publisert med aldersgrense 18 år for barn og utan aldersgrense (barn uansett alder).

DSF har ikkje noko felles familienummer for sambuarpar, uansett type. Familietypen "sambuarpar med felles barn" eksisterer berre på familiefila i BESYS. Gjennom registerkoplingar gir Statistisk sentralbyrå medlemmene i familietypen "sambuarpar med felles barn" eit felles familienummer. Ei tilsva-

rande kopling er ikkje mogleg for sambuarpar utan felles barn. Familiestatistikken manglar difor familietypane "sambuarpar utan barn" og "sambuarpar med særkullsbarn" (ev. med tilleggsopplysningar om det er barnet hans eller hennar).

Forutan dei seks familietypane som er nemnde i tabell 1 som utgjorde inndelingane i familiestatistikken pr. 1. januar 1998 (partnarskap er ikkje ein eigen familietype i familiestatistikken), er det også mogleg å skilje ut "partnarskap med barn" og "partnarskap utan barn".

Familiestatistikken er presis når det gjeld ektepar med og utan barn, sambuarpar med felles barn og partnarskap. Presisjonen er dårlegare for restgruppa som består av dei andre familietypane. Restgruppa består eigentleg av fire familietypar, nemleg mor med barn, far med barn, einpersonsfamiliar og sambuarpar utan felles barn. Berre dei tre førstnemnde familietypane i restgruppa er med i statistikken. Personar i den siste gruppa, sambuarpar utan felles barn, er fordele over dei tre andre familietypane i restgruppa med ei påfølgjande redusering av presisjon. Problemet har vore kjent lenge, men det er ikkje mogleg å bøte på det i registerbasert statistikk utan bustadsregistrering på bustadnivå i staden for på gateadresse, og registrering på faktisk adresse. Som ein konsekvens av dette blir familiestatistikken no publisert (til datagrunnlaget blir betre) berre på familietypane ektepar (inkl. registrerte partnarar) med/utan barn, og sambuarar med felles barn. Det blir ei oppteljing av dei resterande i gruppa "Annan familietype".

Det har til og med familiestatistikken pr. 1. januar 1998 vore brukt ein fotnote for å forklare uvissa i samband med talet på einpersonsfamiliar (tidlegare kalla einslege). Vi bør også i framtida knyte ein fotnote til gruppene mor med barn og far med barn når ein publiserer tal frå og med 1. januar 1998 og bakover i tid. Når vi publiserer registerbaserte tal, bør vi nytte følgjande fotnote:

Tabell 1. Tildeling av familienummer i BESYS

Familietype	Referanseperson	Kven har fødselsnumret til referansepersonen som familienummer (slektkap til referanseperson)
Ektepar med barn	Ektemannen	Kona og barn(a)
Ektepar utan barn	Ektemannen	Kona
Partnarskap	Eldste partnar	Yngste partnar og eventuelle barn
Sambuarpar med felles barn	Kvinna/mora	Sambuar (mannen) og barn(a)
Mor med barn	Mora	Barn(a)
Far med barn	Faren	Barn(a)
Einsleg ¹⁶	Den einslege sjølv	Den einslege sjølv

¹⁶ "Einsleg" blir endra til "einpersonsfamilie".

Talet på einpersonfamiliar, mor med barn og far med barn er overestimert fordi sambuarforhold utan felles barn ikkje blir fanga opp av statistikken. Sambuarpar utan barn blir rekna som to einpersonfamiliar. Sambuarpar med særkullsbarn blir rekna anten som mor eller far med barn og éin einpersonfamilie, eller som mor med barn og far med barn. Sambuarpar med felles barn, men utan same adresse (flytting ikkje meld/godkjend), vil også fordele seg på familietypane mor eller far med barn og einpersonfamilie.

Samtidig gjer registreringsreglane for ugifte bortebuande studentar sitt til at **færre** personar blir registrerte som einpersonfamiliar enn det som er korrekt.

Ugifte bortebuande studentar skal registrerast som busette i foreldreheimen. Dette fører til at dei ikkje blir talde som einpersonfamiliar, og at familien i foredreheimen blir tald som større enn han er.

I tillegg bør einslege (no einpersonfamilie) ha ei note om at "einsleg" er personar som var registrerte som busette áleine, som den einaste personen med dette familienummeret.

5.4. Standard for familietype¹⁷

Med omsyn til familiar i familiestatistikken skil vi ikkje mellom familiar i privat- og felleshushald. Populasjonen i familiestatistikken er lik populasjonen i befolkningsstatistikken (folkemengda). Kvar person høyrer til i ein type familie. Skiljet mellom privat- og felleshushald er ei vanskeleg problemstilling for register, inntil registerinformasjon kan brukast til å kartlegge hushald (bustadsregistrering på bustadnivå) og/eller forskrifter om folkeregistrering blir endra (for m.a. studentar og ektepar der ein ektefelle er på institusjon).

Detaljert inndeling

1. Einpersonfamilie, person under 30 år
2. Einpersonfamilie, person 30-44 år
3. Einpersonfamilie, person 45-66 år
4. Einpersonfamilie, person 67 år og over
5. Ektepar utan barn, eldste person under 30 år¹⁸
6. Ektepar utan barn, eldste person 30-44 år
7. Ektepar utan barn, eldste person 45-66 år
8. Ektepar utan barn, eldste person 67 år og over
9. Ektepar med små barn (yngste barn 0-5 år)
10. Ektepar med store barn (yngste barn 6-17 år)
11. Ektepar med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
12. Sambuarpar utan barn, eldste person under 30 år
13. Sambuarpar utan barn, eldste person 30-44 år
14. Sambuarpar utan barn, eldste person 45-66 år
15. Sambuarpar utan barn, eldste person 67 år og over
16. Sambuarpar med små barn (yngste barn 0-5 år)¹⁹

¹⁷ Inndelinga i IN 85/31 finst i vedlegg B.

¹⁸ Registrerte partnarskap blir rekna som gifte par.

17. Sambuarpar med store barn (yngste barn 6-17 år)
18. Sambuarpar med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
19. Mor med små barn (yngste barn 0-5 år)
20. Mor med store barn (yngste barn 6-17 år)
21. Mor med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
22. Far med små barn (yngste barn 0-5 år)
23. Far med store barn (yngste barn 6-17 år)
24. Far med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
25. Andre familiar

Aggregert inndeling

	Detaljert inndeling
I. Einpersonfamilie	(1-4)
II. Par utan barn	(5-8, 12-15)
III. Par med små barn	(9, 16)
IV. Par med store barn	(10, 17)
V. Par med vaksne barn	(11, 18)
VI. Mor/far med små barn	(19, 22)
VII. Mor/far med store barn	(20, 23)
VIII. Mor/far med vaksne barn	(21, 24)
IX. Andre familiar	(25)

Grov inndeling

	Aggregert inndeling
a) Einpersonfamilie	(I)
b) Familiar med små og store barn	(III, IV, VI, VII)
c) Andre familiar	(II, V, VIII, IX)

Vi anbefaler ein praksis med at vi for par tek med ein fotnote som seier kva typar par som inngår, det vil seie ektepar, sambuarpar og/eller registrerte partnarskap.

Barn er pr. definisjon barnlause, heimebuande og ikkje i samliv. Det kan vere ein fordel å ta med ein fotnote der det står at barn berre er personar som er utan samlivspartnar og utan eigne barn, på den same adressa som foreldra.

Dei internasjonale tilrådingane definerer også besteforeldre og barn (mellomgenerasjonen manglar) som ein familie. Norsk praksis har vike av frå dette og vil framleis gjere det. Ein familie skal bestå av ein eller maksimum to *påfølgjande* generasjonar. Besteforeldre med barnebarn buande hos seg vil framleis bli rekna som to familiar. (Med omsyn til hushald blir løysinga eit fleirfamiliehushald.)

Pr. i dag er det ikkje praktisk mogleg å få tal på sambuarpar utan barn og sambuarpar med berre særkullsbarn gjennom registergrunnlaget. Standarden er formulert for ein framtidig situasjon, det vil seie med det utvida adresseomgrepet, og der vi har fått på

¹⁹ Barn omfattar både felles barn og særkullsbarn. Pr. i dag let det seg ikkje gjøre å hente ut sambuarpar med berre særkullsbarn frå statistikkgrunnlaget.

plass dei nye estimeringsmetodane for fordeling av ulike familietypar.

Tilleggskjennemerke ved familie

- Talet på barn i familien
Inndelinga som blir anbefalt, er eitt barn, to barn, tre barn og fire barn og over.
- Talet på personar i familien
Inndelinga som blir anbefalt, er ein person, to personar, tre personar, fire personar osv.
- Alderen på det yngste heimebuande barnet
Aldersinndelingane er valfrie, sidan det er mogleg å gi dette kjennemerket på eittårige aldersgrupper. I familiestatistikken og AKU har ein brukt ulike inndelingar, og Standard for aldersklassifisering foreslår enda to alternative inndelingar.

0-5 år og 6-17 år (under skolealder/myndigalder) blir nytta som todelt aldersgruppering. Når det gjeld meir detaljerte inndelingar, blir det opna for større fleksibilitet, tilpassa det som er funksjonelt i dei enkelte undersøkingane. For å lette samanlikninga av statistikkar er det likevel ønskjeleg at desse meir detaljerte inndelingane let seg aggregere til den todelte inndelinga.

Kombinasjonar av inndelingane

Dei ulike familietypane og nivåa som er gitt over, blir rekna som standard. Inndelinga på det detaljerte nivået står fast. Samtidig er det ope for å aggregere annleis enn det som er gjort under "Aggregert inndeling", slik at til dømes ektepar og sambuarpar blir skilde frå kvarandre. Grunnlaget for aggregeringane skal alltid vere den detaljerte inndelinga i standarden.

6. Personkjennemerke som gjeld både familiar og hushald

I tillegg til opplysningar om familiar og hushald, der familie/hushald er eininga, er det interessant å sjå på personar, altså bruke person som eining. Da blir det knytt ulike kjennemerke som gjeld familie- og hushaldsforhold til personen.

Familie- og hushaldskjennemerke bør kome nærmare desse sidene ved personen:

- om personen er knytt til eit einfamilie- eller fleirfamiliehushald
- talet på personar i familien/hushaldet
- familiestatus/hushaldsstatus
- kva fase i livsløpet personane er i sett ut frå familielinkning

6.1. Hushaldskjennemerke knytt til personar

- Om personen er knytt til eit einfamilie- eller fleirfamiliehushald
- Talet på personar i hushaldet
- Hushaldsstatus

6.1.1. Hushaldsstatus

I FoB2001 blir det sagt at den viktigaste funksjonen til kjennemerket hushaldsstatus er å skilje mellom privat- og felleshushald (Folke- og boligtellingen år 2000. Høringsnotat om innhold, 1998).

Personar i hushald kan òg ha ulik status. UN-/ECE-tilrådingane går ut på å klassifisere alle personane i hushaldet som medlemmer i privat eller ikkje-privat (dvs. felles o.a.) hushald. Derefter blir personar i privathushald klassifiserte anten som medlemmer i "nuclear family" eller "other private household". Den siste kategorien er delt inn i "bur áleine" og "bur saman med andre". "Nuclear family" har alternativa ektemann, kone, sambuar (mann eller kvinne), einsleg mor, einsleg far, barn (aldersfordelt) og person som ikkje er medlem av kjernefamilien. UN-/ECE-tilrådingane dekkjer ikkje norske forhold fullstendig, ettersom dei ikkje nemner registrerte partnarskap.

Skiljet mellom biologiske barn og fosterbarn må også leggjast inn.

6.1.2. Livsfase

Livsfaseinndelinga frå IN 85/31 er ikkje i bruk, så vidt prosjektgruppa kan sjå. Inndelinga blir difor ikkje lenger teke med som del av standarden.

6.2. Familiekjennemerke knytt til personar

- Talet på personar i familien
- Familielapse
- Familiestatus

6.2.1. Familielapse

Familielapse vart ikkje utarbeidd i IN 85/31. Utvalet anbefalte på det tidspunktet at det ikkje vart laga ei eiga familielapseinndeling for familiar, sidan familielapse var godt nok innebygd i familie- og hushaldstypene. Familielapse er likevel ei sentral inndeling i levekårsundersøkingane, som eit reint personkjennemerke. Om ein skal behandle familielapse i denne standarden, har vore diskutert, og vi har, i tråd med IN 85/31, funne ikkje å gå inn for ein standard her. Under følgjer likevel ei kort framstilling av familielapse i Levekår og dessutan nokre tilrådingar i den sambanhengen:

Hovudinndelinga har vore slik:

- Einslege 16-24 år (delt i to grupper: "Bur hos foreldra" og "Andre")
- Einslege 25-44 år
- Par 16-44 år utan barn

- Einslege forsørgjarar
- Par med barn, yngste barn 0-6 år
- Par med barn, yngste barn 7-19 år
- Par 45-66 år utan barn
- Par 67 år og over utan barn
- Einslege 45-66 år
- Einslege 67 år og over

Her blir barn definerte som heimebuande barn i alderen 0-19 år (berre barna til kontaktpersonen). Aldersavgrensninga som ein bør bruke her, rettar seg etter kva som blir anbefalt for familietypar/hushaldstypar i dei andre undersøkingane/ registerstatistikken. Vi anbefaler at aldersavgrensning og aldersinndelingar følger det som er anbefalt i standarden (0-17 år), slik at det blir lettare å samanlikne.

Omgrepsapparatet i Levekårs familiefasar vik av frå andre utvalsundersøkingar og den registerbaserte familiestatistikken på eitt sentralt punkt, nemleg "einslege". Her blir omgrepene brukte i tydinga "utan samlivspartner", som eit motstykke til personar i parforhold. Det blir likevel vurdert som uheldig om familiefase held fram å bruke omgrepene "einsleg" som det er knytt så mange feiltolkningar til, og vi anbefaler at ein også her bruker "einpersonfamilie", som skulle dekkje det ein ønskjer å få fram i Levekår (ettersom "Einslege forsørgjarar" allereie er skilt ut som ei eiga gruppe).

Det blir anbefalt å bytte ut "einslege forsørgjarar" med mor/far med barn. Eventuelle samanslåingar av kategoriar blir da berre eit utslag av aggregeringar.

Levekår opererer med einslege, par med og utan barn og einslege forsørgjarar. Aldersinndelingane er 16-24 år, 25-44 år, 45-66 år, 67 år og over. Dei to øvste aldersgrupperingane er i tråd med aldersgrupperingane i den nye standarden for familie- og hushaldstypar, og det blir anbefalt at Levekår så godt som mogleg prøver å følgje denne aldersinndelinga også i dei to yngste gruppene.

6.2.2. Familiestatus versus familietype
 Person og gruppe (her familie) er to ulike typar teljeeiningar. Ein kan bruke person som eining både når det gjeld opplysningar som viser til familie og person. Dersom ein har familieopplysningar, kan ein overføre dei til personnivå. Dersom ein derimot berre har personopplysningar, kan ein ikkje utan vidare overføre dei til å gi opplysningar/ informasjon om familieforhold.

Familiestatus er pr. definisjon knytt til person og viser eigenskapar ved individet. Det er i denne samanheng snakk om posisjonen til individet i familién. Eksempel på familiestatus er barn, ektemann og forelder.

UN-/ECE-tilrådingane for FoB2000 ramsar opp ulike familiestatusar, der dei tre hovudnivåa er partnar, einsleg forelder og barn²⁰.

I Noreg har partnar festa seg som omgrepet for registrert (homofil) partnar. Berre å seie partnar med omsyn til familiestatus blir difor ikkje presist i norsk samanheng. Eit alternativ er samlivspartner, som dekkjer registrert partnar, sambuar og ektefelle. I tillegg fører norske forhold til at ein også tek inn einpersonfamilie som status, og at besteforelder og barnebarn blir tekne ut (fordi vi definerer ein familie som samansett av to påfølgjande generasjonar).

Familietype viser til eigenskapar ved familiar (ev. også personar). Når teljeeininga er familie, kan ein altså bruke familietype, til dømes par, einpersonfamilie og far med barn. Personar som bur i ein og same familie, kan ha forskjellig familiestatus, men må ha same familietype. Eit eksempel kan vere ein familie som består av to personar der den eine har familiestatus einsleg forelder og den andre har familiestatus barn. Begge tilhører likevel familietypen far med barn (ev. mor med barn).

²⁰ Person utan partnar og utan barn er ikkje med, ettersom UN/ECE pr. definisjon ikkje reknar éin person som ein familie.

Litteraturliste

Aktuelle befolkningstall 7/97: Familier og barn 1. januar 1997. Statistisk sentralbyrå.

Børn i statistikken, seminarrapport fra møte i Gilleleje febr. 1989. Utgitt i serien NORD 1989:47 med Jens Qvortrup som redaktør.

Familj, civilstånd och sammanboende. Terminologi och definitioner. Meddelanden i samordningsfrågor för Sveriges officiella statistik. SCB, 1999:1.

Forslag til standarder for kjennemerker knyttet til familier og hushald. Interne notater 85/31, Statistisk sentralbyrå.

Håndbok i folkeregistrering, versjon 1.2, nov 98 SKD nr 77/98, Skattedirektoratet

"Recommendations for the 2000 Censuses of Population and Housing in the ECE Region". Statistical Standards and Studies No. 49, UN/ECE.

Vidar Pedersen (1998): *Inntekts- og formuesundersøkelsen 1995. Dokumentasjon*. Notater 98/11, Statistisk sentralbyrå.

Jon Ivar Røstdalsand (1998): *Husholdningssektoren i nasjonalregnskapet. Sektorer og undergrupper*. Notater 98/69, Statistisk sentralbyrå.

Sissel Vestli (1996): *Avklaring av omgrep og kjennemerker i familie- og barnestatistikken*. Notater 96/24, Statistisk sentralbyrå.

"Samordnad nordisk statistik om familjer och hushåll". *Tekniske rapporter 49*. Nordisk statistisk sekretariat 1989.

FoB2000 (1998): *Folke- og boligtellingen år 2000. Høringsnotat om innhold*. Notater 98/30, Statistisk sentralbyrå.

Li-Chun Zhang (1999): *Opplegg til en statistikk over familie- og husholdningsfordelingen i den norske befolkningen - Mot et bedre grunnlag for undersøkelsesbasert personstatistikk*.

Notater 1999/62, Statistisk sentralbyrå.

Li-Chun Zhang (2001) *Estimeringsmetode for familie-/husholdningsfordeling*. Notater 2001/50, Statistisk sentralbyrå.

Vedlegg A**Hushaldsoversikt for intervjuundersøkingar**

	Hovudregel hushaldsoversikt	Bortebuande studentar	Ektefellar	Pendlarar	Vernepliktige	Institusjon
Levekår sidan 1996 Trekking av person-utval (16 år og over) frå BEBAS.	Kosthushald: Personar som er felles om matutgifter og som bur fast med IO. Bustad blir stort sett rekna etter reglane i DSF, bortebuande studentar eit unntak.	Berre fast bustett i foreldreheimen dersom dei bur heime minst fire dagar pr. veke. Dei einslege studentane blir dermed i dei fleste tilfella registrerte som eigne hushald på faktisk opphaldsstad.	Ektefellar med felles bustad blir alltid rekna som fast busette i bustaden (unntak institusjon) sjølv med fravere pga. arbeid, skolegang, studium, eller verneplikt. Kvart sitt hushald når dei flytter frå kvarandre, sjølv før buet er skifta juridisk.	Busett der personen har den regelmessige døgnkvila si, men ektefelle-regelen har prioritet. IO vurderer kven som tilhører hushaldet.	Hushaldet dei tilhørde for dei drog i militæret.	Personar registrerte på institusjon blir ekskluderte frå trekking. Når dei likevel kjem med, blir dei koda med avgang.
AKU Trekking av referanseperson (16-74 år) frå BEBAS.	Kosthushald: Personar som er fast busette i ein bustad, og som vanlegvis har minst eitt dagleg måltid felles.	Berre del av foreldre-hushaldet dersom studenten er fast busett der. Utflytta studentar blir oppsøkte/ oppringde på den nye bustaden sin, begge hushalda blir kartlagde.	Ikkje eigne reglar for ektefellar.	Veke- og korttidspendlarar blir rekna med i hushaldet. Unntak: Dei på repetisjonsøving blir rekna som del av hushaldet.	Ikkje del av hushaldet. Unntak: Dei på repetisjonsøving blir rekna som del av hushaldet.	Blir ikkje trekte ut. Er ikkje del av hushaldet.
Forbruk Trekk-personar 0-79 år frå BEBAS.	Kosthushald: Personar som bur i same bustaden og som et minst eitt måltid dagleg i hushaldet.	Ugifte studentar og dei som fyller kravet til borte-buarstipend, skal rekna som busette på studiestaden dersom utdanninga varer meir enn seks månader.	Ikkje eigne reglar for ektefellar.	Del av hushaldet ved "mellombels fravere på grunn av arbeid".	Del av hushaldet. Blir rekna som mellombels fravere.	Folk på institusjon skal ikkje førekomme i IO-lista. Når dei likevel kjem med, blir dei registrerte som avgang.

Hushalds- og familietypar fra Interne notater 85/31

4.2.1. Hushaldstype

Den detaljerte inndelinga

Einfamiliehushald

1. Einsleg under 45 år
2. Einsleg 45-64 år
3. Einsleg 65 år og over
4. Par utan ugifte heimebuande barn. Eldste person under 45 år
5. Par utan ugifte heimebuande barn. Eldste person 45-64 år
6. Par utan ugifte heimebuande barn. Eldste person 65 år og over
7. Par med små barn (yngste heimebuande barn 0-6 år)
8. Par med store barn (yngste ugifte heimebuande barn 7-19 år)
9. Par med vaksne barn (yngste ugifte heimebuande barn 20 år og over)
10. Mor med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år
11. Far med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år
12. Mor/far med vaksne barn (yngste ugifte heimebuande barn 20 år og over)

Fleirfamiliehushald

13. Einslege
14. Andre hushald utan ugifte heimebuande barn 0-19 år
15. Andre hushald med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år

Den aggregerte inndelinga

Einfamiliehushald

- | | | | |
|--|---------------------------------|---|------------------------|
| I. Einsleg | Detaljert
inndeling
(1-3) | <i>Den aggregerte inndelinga</i> | Detaljert
inndeling |
| II. Par utan ugifte heimebuande barn | (4-6) | I. Einsleg | (1-3) |
| III. Par med små barn (yngste heimebuande barn 0-6 år) | (7) | II. Par utan ugifte heimebuande barn | (4-6) |
| IV. Par med store barn (yngste ugifte heimebuande barn 7-19 år) | (8) | III. Par med små barn (yngste heimebuande barn 0-6 år) | (7) |
| V. Mor/far med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år | (10, 11) | IV. Par med store barn (yngste ugifte heimebuande barn 7-19 år) | (8) |
| VI. Einfamiliehushald med vaksne barn (yngste ugifte heimebuande barn 20 år og over) | (9, 12) | V. Mor/far med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år | (10, 11) |

Fleirfamiliehushald

- | | | | |
|--|----------|-----------------------------|------------------------|
| VII. Fleirfamiliehushald med ugifte heimebuande barn 0-19 år | (15) | <i>Den grove inndelinga</i> | Aggregert
inndeling |
| VIII. Fleirfamiliehushald utan ugifte heimebuande barn 0-19 år | (13, 14) | a) Einslege | (I) |

Den grove inndelinga

- | | |
|---|-------------------------------------|
| a) Einpersonhushald | Aggregert
inndeling |
| b) Hushald med barn (einfamilie- og fleirfamiliehus- hald med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år) | (I) |
| c) Andre hushald | (III, IV, V, VII)
(II, VI, VIII) |

4.1.1. Familietype

Familietypeinndelinga tek utgangspunkt i inndelinga i einfamiliehushald, både på detaljert og aggregert form.

Den detaljerte inndelinga

1. Einsleg under 45 år
2. Einsleg 45-64 år
3. Einsleg 65 år og over
4. Par utan ugifte heimebuande barn. Eldste person under 45 år
5. Par utan ugifte heimebuande barn. Eldste person 45-64 år
6. Par utan ugifte heimebuande barn. Eldste person 65 år og over
7. Par med små barn (yngste heimebuande barn 0-6 år)
8. Par med store barn (yngste ugifte heimebuande barn 7-19 år)
9. Par med vaksne barn (yngste ugifte heimebuande barn 20 år og over)
10. Mor med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år
11. Far med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år
12. Mor/far med vaksne barn (yngste ugifte heimebuande barn 20 år og over)

Den aggregerte inndelinga

- | | |
|---|---------------------------------|
| I. Einsleg | Detaljert
inndeling
(1-3) |
| II. Par utan ugifte heimebuande barn | (4-6) |
| III. Par med små barn (yngste heimebuande barn 0-6 år) | (7) |
| IV. Par med store barn (yngste ugifte heimebuande barn 7-19 år) | (8) |
| V. Mor/far med yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år | (10, 11) |
| VI. Familiar med vaksne barn (yngste ugifte heimebuande barn 20 år og over) | (9, 12) |

Den grove inndelinga

- | | |
|---|--------------------------|
| a) Einslege | Aggregert
inndeling |
| b) Familiar med barn (yngste ugifte heimebuande barn 0-19 år) | (I) |
| c) Andre familiar | (III, IV, V)
(II, VI) |

Hushaldstypar i nasjonalrekneskapen

Av Erling Joar Fløttum

Nasjonalrekneskapen (NR) har ei hovudinndeling etter institusjonelle sektorar. Blant sektorane finn vi hovudsektoren hushald. I sjølvstendige opptrer hushalda på to ulike nivå, som hovudsektor og som undersektorar (to undersektorar, kvar med to underpostar). Mellom desse to nivåa og den detaljerte inndelinga som blir foreslått i avsnitt 4.5 som standard for hushaldstypar, er det i tillegg planar om å utvikle eit mesonivå i form av ein satellittrekneskap for hushalda. Dette er tenkt i tre variantar, ein variant med nokre fleire detaljar enn undersektorane i NR, ein variant med regionale grupper og ein variant med oppdeling på sosioøkonomiske grupper.

Den framtidige strukturen for inndelinga av hushalda vil difor vere 4-delt (også i samsvar med gjeldande utkast til standard for institusjonelle sektorar):

- I. Hovudsektor i NR Hushald
- II. Undersektorar i NR Hushald, sjølvstendige
 - Føretak med blanda ansvar
 - Personleg næringsdrivande
 - Hushald, lønnstakrar o.a.
 - Lønnstakrar
 - Andre kategoriar
- III. Undersektorar i satellittrekneskapen for hushalda
 - a. Detaljerte undersektorar
 - b. Regionale grupper
 - c. Sosioøkonomiske grupper
- IV. Standard for hushaldstypar

Nokre fleire kommentarar til dei tre øvste nivåa er på sin plass.

Hushald vil vere ein eigen hovudsektor som ei hovudløsing framover. I enkelte samanhengar vil det framleis vere aktuelt med ein kombinert hovudsektor som består av hushald og ideelle organisasjonar (non-profit institusjonar retta mot hushalda, eller konsumorienterte ideelle organisasjonar). Før den siste hovudrevisjonen av nasjonalrekneskapen i 1995 var dette tilfelle, dvs. ideelle organisasjonar var inkluderte i hushaldssektoren i nasjonalrekneskapen.

Undersektorar for hushald i nasjonalrekneskapen har fått litt fleksibilitet i utgangspunktet, også med tanke på satellittreknskapsutformingar. ENS 1995 (ESA) har likevel spesifisert ei hovudløsing for undersektorar i hushaldssektoren, men ho blir ikkje blir følgd så strengt opp i rapporteringssamanheng. Undersektorane i ENS vil vere ei blanding av undersektorane i den norske nasjonalrekneskapen og den første vari-

anten i opplegget vårt til satellittrekneskap (detaljerte undersektorar).

Undersektorar i ein satellittrekneskap har først ein variant med meir detaljerte undersektorar. Nye detaljar er at sjølvstendige blir delte i to, i ei gruppe for sjølvstendige i primærnæringar og ei gruppe for sjølvstendige i andre næringar. Det dreier seg om næringsinntekt, men her vil ein ikkje - som over - splitte på føretak og personleg næringsdrivande. Ytterlegare oppdeling finn vi også for undersektoren "hushald, andre kategoriar". Denne undersektoren blir delt i tre: i trygda og pensjonistar, felleshushald og hushald elles. Sistnemnde vil gå ut frå hovudinntektstakaren i hushald der formuesinntekter og andre inntekter er den viktigste inntektskjelda.

Detaljerte undersektorar i satellittrekneskapen for hushalda

Hushald, sjølvstendige
Sjølvstendige i primærnæringar
Sjølvstendige i andre næringar
Hushald, lønnstakrar
Hushald, andre kategoriar
Trygda og pensjonistar
Felleshushald
Hushald elles

Den andre varianten er regionale grupper, som vil vere baserte på standard for landsdelar som inndeiling.

Regionale undersektorar i satellittrekneskapen for hushald

Hushald i Oslo og Akershus
Hushald i Hedmark og Oppland
Hushald på Sør-Austlandet
Hushald i Agder og Rogaland
Hushald på Vestlandet
Hushald i Trøndelag
Hushald i Nord-Noreg

Den tredje varianten er sosioøkonomiske grupper. Denne grupperinga i ein satellittrekneskap for hushalda kan ein sjå på som ein annan aggregert versjon av standard for hushaldstypar enn den som er presentert i avsnitt 4.5. Aldersgrensa 65 år er justert til 67 år for å gå lettare saman med inndelinga føre. Andre justeringar kan eventuelt også kome på tale for å lette sambandet mellom strukturnivå III og IV (sjå over).

Sosioøkonomiske undergrupper i satellittrekneskapen for hushalda:

- Hushald, einslege 18-66 år
- Hushald, einslege 67 år og over
- Hushald, einslege med barn 0-17 år
- Hushald, par med barn 0-17 år
- Hushald, medlemmer 18-66 år
- Hushald, medlemmer 67 år og over
- Felleshushald

Vedlegg D

Liste over eksterne høyningsinstansar

Barne- og familidepartementet
Finans- og tolldepartementet
UiO, Institutt for sosiologi
NTNU, Institutt for sosiologi
Barneombodet
Norges byggforskningsinstitutt
Norsk institutt for by- og regionforskning
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og
aldring
Sosial- og helsedepartementet
Institutt for samfunnsforskning
Statens institutt for forbruksforskning
Statistiska centralbyrån
Danmarks statistik

Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk

Recent publications in the series Official Statistics of Norway

- C 679 Dødsårsaker 1989-1998 *Causes of Death 1989-1998*. 2001. 76s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-4979-1
- C 680 Konsumprisindeksen 1995-2000. 2001. 50s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4980-5
- C 682 Jaktstatistikk 2000 *Hunting Statistics 2000*. 2001. 58s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-4985-6
- C 683 Fiskeristatistikk 1997-1998 *Fishery Statistics 1997-1998*. 2001. 107s. 155 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-4988-0
- C 684 Barnehager 2000 *Kindergartens 2000*. 2001. 56s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4991-0
- C 685 Lakse- og sjøaurefiske 2000 *Salmon and Sea Trout Fisheries 2000*. 2001. 39s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4996-1
- C 686 Statistikk over eiendomsdrift, forretningsmessig tjenesteyting og utleievirksomhet 1999 *Real Estate, Renting and Business Activities 1999*. 2001. 59s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-4998-8
- C 687 Varehandelsstatistikk 1999 *Wholesale and Retail Trade Statistics 1999*. 2001. 91s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4999-6
- C 688 Byggjearrealstatistikk 2000 *Building Statistics 2000*. 2001. 55s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5001-3
- C 689 Bygge- og anleggsstatistikk 1999 *Construction Statistics 1999*. 2001. 67s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5004-8
- C 690 Olje- og gassvirksomhet 2. kvartal 2001. Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 2nd Quarter 2001. Statistics and Analysis*. 2001. 85s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5006-4
- C 691 Elektrisitetsstatistikk 1999 *Electricity Statistics 1999*. 2001. 68s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5011-0
- C 692 Kulturstatistikk 2000 *Culture Statistics 2000*. 2002. 125s. 155 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5015-3
- C 693 Framskriving av folkemengden 1999-2050. Nasjonale og regionale tall *Population Projections 1999-2050. National and Regional Figures*. 2002. 58s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5018-8
- C 694 Olje- og gassvirksomhet 3. kvartal 2001. Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 3rd Quarter 2001. Statistics and Analysis*. 2002. 119s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5019-6
- C 695 Veitrafikkulykker 2000 *Road Traffic Accidents 2000*. 2002. 27s. 115 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5022-6
- C 696 Pleie- og omsorgsstatistikk 1994-2000 *Nursing and Care Statistics 1994-2000*. 2002. 53s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5023-4
- C 697 Kommunehelsetenesta 1990-2000. Førebyggjande tenester, lege- og fysioterapitester *Municipal Health Service 1990-2000. Preventive Services, General Medical Practise and Physiotherapists*. 2002. 43s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5025-0
- C 698 Fiskeristatistikk 1998-1999 *Fishery Statistics 1998-1999*. 2002. 106s. 155 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5026-9
- C 699 Spesialisthelsetjenesten 1990-2000. Somatiske sykehus, psykiatriske institusjoner m.m. *Specialist Health Service 1990-2000. General Hospitals, Psychiatric Institutions, etc.* 2002. 89s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5030-7
- C 700 Fiskeoppdrett 1999 *Fish Farming 1999*. 2002. 76s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5037-4
- C 701 Inntekts- og formuestatistikk for husholdninger 1997-1999 *Income and Property Statistics for Households 1997-1999*. 2002. 105s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5038-2
- C 702 Olje- og gassvirksomhet 4. kvartal 2001. Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 4th Quarter 2001. Statistics and Analysis*. 2002. 78 s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5039-0
- C 705 Helsestatistikk 1992-2000 *Health Statistics 1992-2000*. 2002. 78s. 140 kr inkl. mva.
ISBN 82-537-5043-9